

Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2006
Samnanger historielag

2006

Bokutforming: Svein O. Aadland

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

Framsida:

Hovudtema i dette heftet er tatrane, dei reisande. Biletet viser ein av dei siste familiane som reiste med skøyte langs kysten. Biletet er truleg teke først på 1960-talet.

Foto: Dannevig foto as.

Gamle dagar i
SAMNANGER
2006

Redaktør: Magda Haugen

Innhald

Taterar i Samnanger og nabobygdene Føreord. Av Tor Wold	side 6
Romanifolket Av Tor Wold	side 9
Tateren og bonden Av Tor Wold	side 12
Splintane i Pøyla Av Knut Røen	side 24
Peder Aadland fortel Av Tor Wold	side 27
Nokre stubbar om dei reisande i Samnanger Av Tor Wold	side 33
Frå lagsblada Bondeguten Ved Magda Haugen	side 45 side 46
Ilagsmannen om Tveitagrenda, ungdomen og kraftutbyggingstida Ved Svein O. Aadland	side 63
Årsmelding historielaget	side 76

Taterar i Samnanger og nabobygdene

Av Tor Wold

Føreord

Glomdalsmuseet i Elverum opna i april 2006 ei taterutstilling. I samband med dette fekk historielaget ein førespurnad om me kunne hjelpa til med å samla inn opplysninger om tatarar på Vestlandet. Det er skrive mykje om tatarar på Austlandet og Sørlandet, men ein veit lite om reise deira her vest.

Som gut trefte eg sjølv tatarar i Odalen der besteforeldra mine budde. Eg hugser godt ”Tater-Maria”, dotter til Stor-Johan, som kom for å handla. Ho er omtala i ei boka ”Taterdronningen, Tater-Marie”. Når me ungane taut, fekk me sjå brosjja hennar som hang under eit par lag med klede. Det var ei stor sølvbrosjje og ho vog nok ein halv kilo. Det var eventyr ved henne.

Eg tente på ideen om å samla inn materiale om tatarar her vest, og eg har funne meir enn eg hadde håpt på. Litt av dette kan du lesa om i dette heftet. Det innsamla materialet vert sendt til Glomdalsmuseet. Har du noko meir å leggja til, kan du kontakta meg. Og har nokon gammalt handverksarbeid etter taterane, vil eg gjerne høyra om det.

Siste året mens eg har samla stoff, har eg hatt stor glede av å snakka med mange både her i Samnanger og i nabokommunane om tatarar.

Taterane har sjølve etterlate seg minimalt av skriftlege kjelder. Før 1900-talet var svært mange av dei var analfabetar. Den første som skreiv om taterane var Eilert Sundt. Han starta eit systematisk arbeid for å betra taterane sine vilkår. Dette arbeidet gjorde han ut frå ein filantropisk ståstad, og Eilert Sundt ville nok berre det beste.

Han har etterlate seg eit stort verk om taterane på 1800-talet. Han fekk gjennomført fire ”fanteteljingar”. Desse kan best samanliknast med manntal. Han fekk også oppretta eit fond kalla Fantefondet. Det skulle syta for å betra dei sosiale tilhøva for fantane, som han kalla dei. Håpet hans var nok å få dei til å bli bufaste. Eilert Sundt er ei verdfull kjelde til informasjon om taterslektene på 1800-talet.

I innleiinga til verket sitt skriv Eilert Sundt ei rørende historie:

Til en from kone af mit bekjendskab kom for et halvt snes år siden et gammelt, fremmed kvindemenneske, vaklende ved en stav, ind på køkkenet og stillede sig med bedende miner der ved døren. Hun skjalv over hele legemet og var så overmåde rynket og pjaltet, at ingen syntes at have seet et så ynkeligt syn før. Man spurgte hende, hvad hun hed, og hvor hun var fra; men hun kunde lidet se og høre og tale; hun vidste ikke at give nogen sammenhængende forklaring. Det lod til, at en uigjennemtrængelig sløvhed havde lagt sig over hendes sind, lig den skorpe af urenlighed, som bedækkede, hendes hud. Husmoderen havde allerede et stykke brød i hånden for at levere den fremmede, men ved således mere nær at betragte den ynkværdige skabning fandt hun, at det ikke var den hjælp, som her gjordes behov. Hun lod den gamle, som vel i lange tider havde gået således i elendighed, lede hen til en brav nabokone, der dels for gode ord og betaling, dels af naturlig medlidenhed påtog sig det arbejde at renske mennesket og så iføre hende noget rent linned, som sendtes med. Her pleiedes hun på det bedste. Hun kom i lunkent bad og lagdes derefter i en seng. Hendes sind syntes beåndet igjen efter legemets vederkvælgelse; hun så med klarere blik omkring sig, talte med tydeligere stemme, yttrede, at hun befandt sig vel, takkede for alt godt og sov ind - til den evige hvile.

Det verkar som om Eilert Sundt sitt arbeide er gjort i den ånda som kjem til kjenne gjennom denne historia. Staten sette seinare bort alt som hadde med taterane å gjera til "Norsk misjon blant hjemløse". Denne organisasjonen vart oppretta i 1897, og vart nedlagt så seint som på 1980-talet. I det gode sitt namn gjorde misjonen mykje urett mot taterane. Ein skal likevel vera varsam med å døma einskildindivid. Også innanfor "misjonen" har det vore menneske som av eit godt sinnelag har villa hjelpe medmenneske.

Blant kjeldene mine vil eg spesielt nemna ein nolevande tater, presten Jonny Mydland. Han er fødd 1963, og har dei siste åra drive ein barneheim i Kenya. Han kom sjølv frå Christian Michelsen sin barneheim på Os, til adoptivforeldre i Stavanger. Alt som gutunge vart han interessert i slektshistorie. Då han kom i kontakt med den biologiske fami-

lien sin, 22 år gamal, tok han til å samla det han greidde om taterslekter i Norge. Han har hjelpt meg med å identifisera dei personane som er nemnde med namn og fødselsdata.

Om nokon vil koma i kontakt med Jonny Mydland, kan dei finna han på internettadressa hans, <http://maishamema.org>

*20 oktober 2006
Tor Wold.*

Romanifolket

Romanifolket vert også vert kalla ”fantar”, ”reisande”, ”taterar” eller ”splint”. Dei kom truleg som innvandrarar frå dei nordre delane av India, om lag år 1000. Språkforskarar meiner at språket deira, romani har same opphav som sanskrit, men at det gjennom mange hundreår er miksa godt opp med nordisk og russisk. Urdu og hindi er moderne språk med opphav i sanskrit. Taterane og pakistanerane har faktisk ein del ord i lag.

Taterane kom til Nord-Europa om lag år 1500. Ein del taterar var leigesoldatar og det er kjent at fleire tok del i dei store krigane i Europa på 1600- og 1700-talet. Taterane vart tidleg forfølgde, og allereie i 1584 slo lova her fast at leiaren for eit taterfølgje kunne bli henretta, og følgjet skulle ein jaga frå landet. Kom dei tilbake, skulle resten av følgjet også bli drepne.

Taterane vart ikkje berre skulda for å vere omstreifarar, men jamvel for å driva med trolldom. Lova på denne tida slo også fast at trollfolk kunne få dødsdom. I Norge kjenner ein til 250 tilfelle av fullbyrda dødsstraff mot trollfolk.

Det var ikkje berre i gammal tid at taterane vart utsette for overgrep. Til dømes hadde Norge ei lov i perioden 1934 til 1978 som tillet sterilisering på sosiale og kriminalførebyggjande indikasjonar. Det var brei semje ikkje berre mellom politiske ekstremistar, men langt inn i arbeidspartiet om at sterilisering etter denne lova kunne bli nytta mot kriminelle, homoseksuelle og omstreifarar.

I den same perioden og til lenge etter 1950 var det vanleg at barn blei tekne frå foreldra for å bli sett i barneheimar og få skulegang. Den første barneheimen for barn av omstreifarar, var på Askviknes i Os. Om lag 1500 taterbarn vart tekne frå foreldra sine, og tekne hand om av ”Norsk misjon blant hjemløse”, eller ”omstreifarmisjonen”.

Vaksne kunne etter laugjengarlova havna på straffarbeid. På Svanviken ved Ålesund, hadde ”Norsk misjon blant heimlause” ein arbeidsleir der heile familiar vart busette for å læra å leva som andre folk. Dette skjedde i namnet frivillig, men dersom foreldra ikkje samtykka i inter-

neringa, tok misjonen frå dei ungane deira. Svært mange rømte, med eller utan barna sine. Arbeidskolonien var i drift til 1989.

Under 2. verdskrigen var steriliseringslova ei tid skjerpa, slik at ho fekk rasehygienisk tyding, og vart retta spesielt mot tatarar. Under krigen arbeidde NS-regjeringa også med ei «endeleg løysing» på taterproblemet etter mønster av «løysinga» på jødeproblemet. Denne planen blei heldigvis ikkje sett ut i livet.

Det er sikkert vist at 125 personar av taterslekt - 109 kvinner og 16 menn - blei sterilisert med heimel i steriliseringslova av 1934 og folkeættlova av 1942. Det var oftast sosiale og sosialmedisinske grunnar for steriliseringa. Det å vere omstreifar, var god nok grunn til at ein kunne bli tvangssterilisert. Forskaren Per Haave, som har laga rapporten om tvangssterilisering, går også ut frå at over 230 taterkvinner kan ha blitt sterilisert utanfor lova sine rammer, og han trur at meir enn 300 taterkvinner kan ha blitt steriliserte frå 1930- til 1970-åra.

Statsminister Kjell Magne Bondevik har på vegne av staten bede om orsaking for uretta: *«Romanifolkets historie er ikke noe norske myndigheter har grunn til å være stolt av. Den omhandler tvangssterilisering, tvangsplassering av barn i fosterhjem og kriminalisering av romanifolkets livsform. Politikken som har vært ført, har bidratt til å undergrave romanifolkets levesett og kultur, og har ført til at mange selv i dag ikke ønsker å vedkjenne seg sin identitet og kulturbakgrunn. Norske myndigheter har ved flere anledninger de siste årene tatt et moralsk opprør med tidligere tiders politikk overfor gruppen, og ba i 1998 offisielt om unnskyldning for de grove overgrep romanifolket ble utsatt for.»*

Truleg er det i Norge i dag omlag 5.000–10.000 personar med tateridentitet, men tar ein med alle som er av taterslekt kan det gjerne vera 5 til 10 gonger så mange. Mange av taterætt har stått fram og fortalt om eigne opplevingar, og mange skjebner er blitt avdekka. Muskarane Åge Aleksandersen og Elias Akselsen, fakiren og songaren Einar "Jucan" Olsen og boksaren "Ole Lukkøye" er eksempel på kjendisar av romaniætt.

Taterane har eit visst slektskap med sigøynarne, men i kva grad veit ein lite om. Språka deira har felles opphav. Sigøynarane kan ha levd i Vest-Asia og Aust-Europa i det Ottomanske imperiet inntil det gjekk i

oppløysing, og truleg har sigøynarane kome til Vest-Europa mykje seinare enn taterane. Det har vore få sigøynarar i Norge.

Kjelder: Mellom anna Wikipedia, Norsk innvandringshistorie og Stortingsinnstilling nr.152 (2004-2005), Innstilling fra justiskomiteen om erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener.

Tateren og bonden

*Eld han treng
som inn er komen
og om kne kulsar.
Til mat og klede
den mann hev trong
som hev i fjell fari.
(Frå Håvamål.)*

Håvamål er diktning som omtalar høvisk atferd for 1000 år sidan. Taterane reiste rundt i norske bygder frå om lag 1500-talet til etter 2. verdskrigen. Dei levde av det dei tagg og tente som kremmarar i bygdene. Korleis kunne dei få det til?

I norrøn tid ser vi av Håvamål at plikta til å ta imot vegfarande var sjølvsgt. Dei same normene fann ein i bygdene fram mot starten på 1900-talet. Høyr berre kva Sjur Løvteit¹ fortalde frå Osterøy, der han vaks opp tidleg på 1900-talet:

Det hende ikkje so sjeldan at det kom omsterifarar, "fantefylgje", som dei vart kalla. Dei kom særleg utover hausten – mest i slaktetidi. Eg minnest vel ein laurdagskveld då det kom ei heil skreid til gards. Me hadde nyleg slakta nokre sauer. Det aller meste av smalakjøtet gjekk til sal. Det var mest berre hovud og labbar – og nokre bogar til spekekjøt – me heldt att til oss sjølve.

Eldste syster vår, Sigrid, hadde skura og vaska stovegolvet og gangen og var komen til dørstokken ved utedøri. Då dukka det brått ut or kveldsmørkret eit stort fantefylgje framfor huset vårt, truleg 12-15 stykke i alt. Sigrid, som var sliten etter all vasking og hadde gledd seg til ein fin og hyggeleg laurdagskveld, vart reint ute av seg og sa til mor med gråten i halsen: "Me vil ikkje ha fantar inn i kveld."

Mor var nok den som måtte ta støyten med fantekjerringane. Dei sto fremst i flokken med ungane, og bad om hus: "Me æ so mange, de lyt ta nokon i kvart hus i kveld – alle lyt hysa nokon i natt." Mor prøvde å svara roleg, og det drog litt ut. – "Æ ho vond?" sa ein kar med høgt mæle bak i flokken. "Nei, mor æ kje vond, men den lilla æ vond." "Den lilla æ vond," svara kjerringane i kor. Endskapen vart at me

¹ Sjur Løvteit, Osterøy i soge og samtid, 1986.

måtte sleppa inn so mange som me kunne ha plass til. Dei andre gjekk til "Hansane" og "Olaene", grannane våre.

Mor hadde sett ei gryta med sauekjøt på omnen, ikkje meir enn at det so vidt kunne bli nok til huslyden. Ei fantekjerring var snøgt bort til omnen, lyfte på gryteloket og lukta på sauekjøtet som putra og kokte. Men no laut mor leggja om. Ho tok gryta av omnen og bar den i kjellaren, sette ei stor gryta med poteter på omnen i staden og bar flatbrød og spekesild fram på bordet.

Men då vart det røre i flokken. "Kor gjorde du av kjøtgryta? Me såg at du hadde kjøt i gryta", maste kjerringane. "Ja, men det var so lite", sa mor, "det vert ikkje nok til dykk og oss, me får ha sild og poteter alle i kveld."

"Eg fordøyer ikkje sild", sa ein av karane høgt, "dere har nok av kjøtt, dere har nettopp slakta to svære griser"!

Men sild og poteter vart det nok for alle den kvelden – med ein del murring og misnøgje. Sidan bar far inn nokre sekkar med halm i stova, og det vart laga flatsenger over heile golvet. Me borni gjekk på loftet og la oss, og til sist kom far og mor til ro opp på "arkjæ".

Fantefylgjet vart liggjande i stova til langt ut på føremiddagen. Etter at dei hadde fengje eit matmål med mjølkaker og sur mjølk, - og tigga om mange ulladotter, drog dei vidare gjennom "Sagsliæ" til Njåstad og Kleppegardane. Dei hadde sine faste ruter og var vel kjende i bygdene.

På den tida fanst ikkje campingplassar eller vegkroer. Dei hadde ikkje mykje lyst til å huse fantane på Løtveit denne kvelden, men plikta tvang dei. Dei hadde ikkje stort å by på, og dei trong sjølv den maten dei hadde. Ikkje hadde dei stort att for gjestfridomen dei synte heller. Slik Sjur Løtveit fortel det, gjorde ikkje fantane gjengjeld på noko vis. For oss er det underleg at folk kunne reisa rundt slik og få koma inn i heimen til folk for mat og overnatting kor dei før.

Det var ikkje alltid slik at dei reisande var ei bør for folk. Mange av dei reisande vart tatt vel i mot på gardane der dei kom. Dei gjorde rett for seg, og dei budde ofte fleire netter på ein stad. I ei årrekkje før krigen, var det i Samnanger taterar både på Ådland og på Haga. På Haga kom dei heilt fram mot 1960. Tidlegare budde sjøtaterar i nausta på Tyssestranda, og seinare heldt dei til i nausta på Kleppe.

Peder Aadland fortel at dei hadde årviss vitjing av familien Vilhelmsen i perioden frå 1927 til fram mot 1940. Dei hadde eit godt samkvem. Vilhelmsen-familien budde i løa og fekk koka i kjellaren hos Perane på Ådland. Peder lærte mellom anna å laga selety til hestar av dei reisande. Han lærte også ein ekstra vri på ein felemelodi av Gamle-Mina, taterkona. Historia som Pederen fortalde, har blitt til ein eigen artikkel ein annan plass i heftet.

Torrmød Fosso i Vikøy i Kvam, fortalde slik om dei reisande:
I bestemor si tid, i siste halvdel av 1800-talet, kom det ofte skreppekarar over Kvamsskogen frå Samnanger. Skreppekarane var folk som reiste med litt handelsvarar i ei skreppe og selde på gardane. Vegen i Tokagjelet var ikkje der i den tida, så dei gjekk i lia opp for Tokagjelet og Måsland og kom ned til Steine, og slik kom dei forbi der bestemor budde før ho gifta seg. Når dei hadde gått heile vegen over Kvamsskogen, var dei både trøytte og svoltne. Då kom dei alltid inn for å få mat og drikke.

Det var alminneleg folkeskikk at det måtte dei ha når dei kom inn på besøk. Og då kunne dei gjerne overnatta på gamlestovegolvet til dagen etter. Så før dei vidare og handla i gardane. Stundom kom dei fleire i lag, og når det ikkje var plass til alle i gamlastova, måtte nokre av dei gå vidare til neste gard.

Tormod Fosso døydd brått i 2006, berre nokre veker etter at eg fekk treffa han, og intervjuar han på garden Fosso i Vikøy. Han har vore ein av mange informantar, men eg nemner han spesielt her, fordi han har fortalt meg mykje som eg nyttar for å illustrera forholda taterane møtte på reise i Vestlandsbygdene. Fosso gjekk på skule om lag 1930 i Vikøy, i lag med to gutar som var i fosterheim, dei var tekne frå foreldra sine.²


Tormod Fosso fortel: *Då eg var gut, var det eit sikkert vårteikn, før 17. mai, at dei reisande – vi kalla dei fantane - kom i robåtar³ og slo seg ned i fjæra nede ved nausta. Der tok dei alltid inn. Då kom dei opp på prestegarden og tigga etter ei bør med halm eller høy og så la dei*

² Kristian Bredesen, er ein av fosterbarna frå Vikøy. Han har i boka "Tatersønn", omtala oppveksten sin som fosterbarn. Han og bror hans vart tekne frå foreldra som var taterar. Han var eitt år då og han og bror hans kom først i barneheim, og seinare i fosterheim i Vikøy.

³ Ei jamngammal kjelde frå Kolltveit, ved Ljoneset litt lengre ute i fjorden fortel at ho hugsar at splintaskøyten brukar å ligga under ein berghammar i ei naturleg hamn i Ljonesvågen. Derfrå kan dei ha rodd vidare i robåt. Fantaskøyten brukte å ha ein robåt på slep.

det opp i båtane som stod inne i naustet, og der hadde dei veldig fine køyer.

År om anna vart dei fleire. Eitt år var dei fire, og så året etter var dei gjerne fem og seks. Han gamle prosten Christie, var veldig nøye med at når dei kom med nyfødde, om dei var døypte.. Det skulle ikkje vera ukristna born, heidningar, i hans naust. Viss ikkje dei var døypte, ville han døypa dei. Dei fekk bu i prestanaustet, og så før dei rundt på gardane og handla.



Vikøy kyrkje til venstre. Nausterekkja er freda. Heilt til høgre i biletet ligg ei sag, ved utløpet av elva.



Her ser ein prestanaustet som nr 3 frå venstre, med steingard opp mot naustet. Heilt til høgre ligg saga. Der var det vatn og ved.

Kor kom dei reisande frå? Ein meiner at dei reisande på Sør- og Vestlandet har ein blanda herkomst. Nokre av forfedrene deira kan ha kome frå handverkarar som reiste kring i bygdene. Etter dei store krigane i Europa kom det flyktningar nordover frå Danmark, Tyskland og Nederland. Dei var jordlause og kan ha livnært seg ved å reisa, og by fram varer og tenester. Somme nordmenn har kome på fantestien av sosiale grunnar. I tillegg er nokre av anane til dei reisande på vestlandet av romanifolket. På austlandet ser det ut til at dei reisande har eit meir reint romaniopphav.

Romanifolket kom truleg frå Nord-India, via det Ottomanske imperiet, til Vest-Europa. Då dei kom til dei vesteuropeiske landa om lag år 1400-1500, kom dei til katolske samfunn, der gjestfridom var ei plikt. Dei første som kom, vart godt mottekne, og dei fekk endå med seg eit brev frå skottekongen. Dette brevet sa at dei var pilegrimar frå Lille-Egypten og at ein skulle ta godt imot dei. Den tida hadde ein i størstedelen av Europa føydalsystem, der folk tilhørde eit gods eller ein føydalherre, med bu- og arbeidsplikt. Berre pilegrimar, handelsfolk og reisande handverkarar kunne dra fritt omkring.

Her oppe i Norden var det vel så som så med føydalsystemet, det var rikeleg plass dei første hundreåra etter at Svartedauden herja landet i 1349. Kom det tilflyttarar, så syntes vel kongen det var bra at landet vart brukt. Men ganske raskt kom det lover også her, som nekta folk utan fast bustad å reisa fritt omkring. I 1584 slo Dansk-norsk lov fast at leiaren for eit taterfølgje kunne bli henretta, og følgjet skulle ein jaga frå landet. Også i hundreåra etter, finn ein mange lover som prøver å hindra omstreifarar i å reisa rundt utan fast arbeid. Mange av lovene har til føremål å ”utrydda tatervesenet.”

I 1710 kom det ei lov som skulle gjera bygdene frie for fantar. Ein skulle gjennomføra fantejakt i alle bygder og bygdene skulle tilsetja ein Ståtare-konge. Det var ein slags bygde-vektar som skulle jaga taterane vidare til neste bygd når dei vart for plagsame. (Me veit at Elverum hadde sin siste ståtarekonge i 1900.)

Tormod Fosso fortel:

Den siste ståtarekunjen her, var ein dei kalla for Store-Johan. Han hadde sikkert vore eitt eller anna i militæret, og det var etter at han vart pensjonist og budde heime, at han vart ståtarekunje. Kor mykje han hadde å gjera, veit ikkje eg, men det var han som hadde orden på taterane, og hadde myndigheit til å snakka til dei og få dei til å flytta når ein meinte det var nødvendig.

Kva levde taterane av? I tidlige tider reiste skreppekarar omkring på Vestlandet åleine. Dei hadde ikkje med seg familiar då. På 1800-talet var det stor folkevekst både mellom folk flest og også mellom taterane. Omkring 1900, ser det ut til at det vart meir vanleg at heile familiar reiste samla også på Vestlandet. Når taterane reiste rundt, måtte dei ha noko å by til gjengjeld for den gjestfridomen dei tok imot. Dei handla

med saker dei hadde med seg, lette ting som folk trong rundt i bygdene. Det var kammar, trådsneller, synåler, sikkerheitsnåler, pyntesaker m.m.

Det var ei som kom att kvart år, ho kalla dei berre for Stor-Øyno. Det var fordi ho kom ute frå Stord. Ho var av dei første som kom med ei skreppe eller ein koffert med knappar og hekter, trykknappar, søljer og sølvknappar til unge jenter og slike som hadde lyst på noko fint. Ho hadde alltid mykje som ho la utover heile bordet og heile golvet, og fekk det stilt ut. Det var vel noko frå sølvsmedane nede frå Setesdalen, det var ting som ikkje var vanleg å få tak i her.

Taterane handla også med eigne produkt, vispar, blekkspann, smykke, beltespenner og knivar. Gjennom handlinga kom dei i kontakt med folk og hadde ærend. Og når dei var i huset, hadde dei ofte andre tenester å tilby. Taterkonene kunne ofte kurera somme sjukdomar, til dømes kunne Tater-Maria⁴ kurera eksem og vorter.



Eit slikt lite sjarmtroll kunne nok få folk til å gje litt mjølk eller ein matbete.

⁴Tater-Maria – dotter til Stor-Johan, sjå boka Tater-dronningen, Lunde forlag 1974.

Ho fortel i boka si:

Eg minnest at gamle taterkjerringer, som hadde vore innom ein stad og gitt frå seg eit godt råd eller to, og fått pengar eller mat for det, spytta tre gongar mot huset når dei gjekk sin veg. Dette for at ikkje øvrigheita skulle følgja etter dei og straffa dei for trolldom og svindel.

Det var taterkonene som tok seg av handlinga, og som regel hadde dei med seg nokre av ungane. Då gjekk salet betre. Folk tykte nemlig synd i dei små, som ofte var dårleg kledde. Når handelen var over, tagg dei ofte eit mål mat og ein kjøtbete eller ein udladott.

Om folk ikkje ville ta imot dei, kunne dei forbanna folket på garden. Og at dei kunne trolle, er det fleire som kan fortelja om.

Mor mi fortalte at då ho var jentunge, hende det at leiaren i følgjet teikna eit trollhove med krit over fjøsdøra på dei gardane der dei vart nekta mat og losji. Dette skulle føre ulukke over garden, buskapen og folket der i sju ætteledd. Fann folket på garden ut dette – og som regel sytte nokon annan i taterfølgjet for at dei fekk vita om det - så kom det fram mat frå stabbur og kjellar, og ei råd med nattelosji vart det også. Så dei fastbuande kunne bli lurt ein gong i mellom av det dei gamle taterane kalla trolldom, men som eigentleg berre var tøys og tull.

Ein mann fortel:

Eg vaks opp i Strandebarm på ein husmannsplass ca 2 km opp frå sjøen. Det var sjeldan det kom taterar så langt opp. Men når dei av og til kom, var foreldra mine alltid skeptiske og redde for at dei skulle be om å få overnatta. Det ryktast at det lett forsvann ting når taterane fekk vera ein plass. Det skjedde ein gong då mor var aleine på plassen, at det kom ei taterkone og ville selja nokre teppe. Mor ville ikkje kjøpa, og da blei taterkona veldig sint. Ho forbanna mor og sa at det skulle gå henne ille. Eit halvt år seinare fekk mor kreft og døydde av det. Vi har snakka mykje om dette seinare. Var det vekeleg berre eit tilfelle, eller kunne ho trolle?

Tormod Fosso fortel denne historia etter bestemor si:

Den eine bestemora mi var frå Tjosås, som ligg nokså høgt over Hardangerfjorden. Fantekjerringane kom opp der også. Ikkje berre

det, men dei var i Soldal, Fykkesund og Botnen òg. Det var ei som kom nokså ofte. Ho var flink til å tigga. Ho var ofte og tigga så dei vart lei av ho. Når dei såg ho kom, så hissa dei hundane på ho så ho ikkje skulle komma inn i garden. Dette vart ho veldig fornærma for, og så ropte ho til dei at ho kunne trolla.

Ho skulle senda ulven og drepa hunden deira. Ho fekk det no til og. Om vinteren er det is på sjøen i Fykkesundet, og då kom ulven over fjellet frå Voss ned til Botnen i Fykkesundet. Ulven begynte i Botnen med å drepa hund. Han gjekk isen ute på Asmyr og over Porsmyr og Soldal til Teigland og Tjosås og over Seljeset og Nordheim til Norheimsund, og på ei natt så gjekk han heile rekka ifrå Botnen og til Heradstveit og drap alle hundane. Det var slike historiar som gjekk, som ho fortalde til meg, og som gjerne bestemor hennar fortalde til ho. Mange slike segner kan vera noko i også.


Folk trudde verkeleg på trolldom. Ein skal ikkje sjå bort frå at sjølv i dag ville mange strekkja seg litt ekstra for å halda seg til vens med folk som kanskje kunne skada dei på eit eller anna vis.

Dei plassane taterane fekk mat og husly, sytte dei for å gjera gjengjeld, ved arbeid, betaling og gjenytingar av ymse slag. Slik hadde det seg at dei kunne reisa rundt utan å bli avviste, og få mat og tak over hovudet.

Korleis levde taterane? Arbeidsdelinga i ein taterfamilie var nokså tradisjonell. Det var mora som skaffa mat og laga han til, og det var ho som tok seg av ungane. Det var også ho som selde varer og tagg i gardane. Taterkarane si oppgåva var mellom anna forskjellig handverk, som var etterspurt i bygdene.

Tormod Fosso fortel:

Dei var veldig flinke med handverk, dei var spesialistar på å reparera kaffikjeler med hol i botnen. Og var det ei grue der dei kom til, laga dei beltespenner for sal. Dei var gode med lodding og smiing – og så laga dei spann og vispar. Dei samla materialar til å laga vispar av, leidningsstreng etter kraftliner og slikt. Då følgde dei kraftlinene der arbeidsfolket hadde vore. Det låg alltid igjen nokre streng-bitar. Desse samla dei til dei hadde ein bunt, og så sat dei i fjøra nedmed naustet, og laga vispar. Desse var fantekjerringane rundt om og selde. Anten



selde dei eller bytte mot mat, det var vel litt av begge deler. Dei hadde ikkje noko lager av mat, så det er ufatteleg kva dei levde av. Dei var rundt og bytta og handla og tigga vel ein god del.

Dei fletta korgar også. Dei nytta vier, som dei fann der dei for fram. Elles tok dei lausarbeid, som til eksempel husamåling, og anna førefallande arbeid. Mange av mannfolka var dyktige blekkenslagarar. Taterane var dei som innførte takrenner av blekk i vestlandsbygdene. Rennene vart gjort på staden av tynne blekkplater utan galvanisering. Verktøy frakta dei med seg. Det gjekk det nokre år før rennene måtte skiftast ut. Slik hadde dei arbeid, og var velsedde år om anna. Seinare kom det ein fastbuande blekkenslagar på Haga. Han nytta galvanisert stål og mange av rennene hans er framleis brukande, etter snart 50 år. Mellom anna Holdhus sitt hus på Haga har slike renner.

Ein blekkenslagar var nyttig på fleire vis. Han kunne for eksempel gjera stølabøtter (sjå bilete). Den tida folk stølte, hadde dei kyrne i skogen eller fjellet om sommaren. Mjølka måtte dei bera heim, og då trong dei stølabøtter på kvar ein gard.

Dei lagde nye kjelar av kopar og blekk, og dei sette ny botn i gamle kjelar. Gamle koparkjeler trong eit lag med tinn inni, for kopar er giftig. Taterane kunne fortinna. Hadde nokon trong til å få slipt knivane sine, kunne taterane hjelpe. Mange gamle, flotte tolleknivar rundt om i norske heimar, er tatararbeid. Ein spesialitet var kniv-slirer av nysølv, og skjefter og slirer pynta med nysølv-utskjeringar.



Familiefaren hadde viktige plikter som familiens ”hovding”. Dei reisande hadde ikkje det same skyddet frå lova som andre folk. Dei kunne ikkje så lett gå til lensmannen og klaga på noko. Det var vel heller slik at dei helst heldt seg vekk frå styresmaktane om dei kunne det. Difor måtte dei hjelpa seg sjølve.

Ein tater bar alltid kniv. Han hadde ikkje våpen, men kniven heldt han skarp og han kunne bruka han. Dette visste folk. Gottfred Haga fortel: *Ein av taterene som heldt til i Røa-løo på Haga om sommaren då eg var gut, heitte Oliver. Han var leiar for heile taterfølgjet som budde på fleire gardar på Gjerde og Haga. Følgjet hans vart kalla Oliverfølgjet. Når vi ungane kom i nærleiken, kunne vi sjå at han sto og slipte kniven sin på ei lærreim, slik dei slipte barberknivane i gamle dagar. Han kvessa kniven ved å dra han fram og tilbake mot reima. Me var redd han.*

Det skjedde nok at taterane brukte kniven, men berre mot kvarandre. Då var det som regel kiving om kvinnfolk det gjaldt. Knut Røen fortel om slik slåssing i ei eiga soge ein annan plass i heftet.

Taterane var som samane og finnane framande i eit homogent bonde-samfunn. Dei representerte ”dei andre” som folk kunne samanlikne seg med, og som dei både kunne føla avsky for og tiltrekning mot. Det er ikkje så reint få viser som handlar om leirbål og taterjenter, og om kjærleik mellom tater og fastbuande. Mange av taterane var mørke og vakre. Jentene var ofte flotte, og fleire av mannfolka eg har snakka med, har fortalt om korleis dei beundra desse flotte jentene. Men meir

enn å sjå, torde dei ikkje. Fedrane og brørne passa godt på dei.

Sylvia Haga fortel: *Då eg vaks opp, var det dans i bygda kvar laurdag, med levande musikk. Og når det var tatarar i bygda, kom gutane og ville dansa. Me hadde den haldninga at taterane skulle me halda oss vekk frå. Mange jenter prøvde å oversjå dei. Men enkelte jenter syntes det var spennande med tatergutane, og dei dansa med dei. Desse jentene vart ofte sett litt ned på. Dette var i grunnen merkeleg. Det heitte seg at taterane stal og at dei dreiv med, var litt snuskete. Men når eg tenkjer etter, såg vi aldri noko gale, eg kjenner ikkje til noko tjuveri dei gjorde. Ikkje drakk dei, og dei oppførte seg eksemplarisk. Ikkje såg vi at dei sloss heller, og aldri såg eg at dei brukte kniven. Men haldningane var klåre: Me skulle ikkje ha noko med dei å gjera.*

Ein kar frå austlandet fortel ei litt anna historie om eit meir tillitsfullt samkvem mellom tatarar og bygdefolk i Odalen: *Eg var god til å dansa og kunne dansa kva som helst. Når det var dans, var taterane ofte med. Dei òg var gode til å dansa. Eg hugser ei taterjente som var spesielt flink i dansen, uansett kva eg gjorde, så følgde ho med. Det var aldri nokon av tatergutane som sa noko om vi dansa med jentene deira. Dei dansa med våre jenter også. Men eg hadde jo jenter sjølv, mellom bygdejentene, så det var aldri noko meire alvor med taterjentene.*

Vart det slåsskamp, var det ikkje taterane som sloss. Då var det gutane frå bygda eller nabobygda, som hadde drukke for mykje, så dei begynte å slåss.

Det var mykje moro med taterane, det fulgte alltid liv og hygge med dei. Det var fleire av dei som spela trekkspel. Og dei var gode til å arbeida. Det skjedde aldri at dei stal. Når dei kom til oss, handla mor alltid med dei. Og så fekk dei ein fleskebete på kjøpet. Mor likte taterane godt.

Men dei ville alltid bytta klokke. Eg sa alltid nei til det. Eg trur ikkje at eg ville ha gjort noko godt bytte då.

Når taterane skulle selje varene sine og når dei skulle koma i kontakt med folk, kunne dei nytte mystikken og det at dei var litt framandarta og spennande. Ein taterkar hadde ofte eit fargerikt skjerf om halsen, og øyreringar vart ofte nytta. Når ei taterkone kom til garden for å handla, var dette for mange litt spanande, og ein kunne samstundes få høyra nytt både frå fjern og nær.

Taterane nytta mange av dei same knepa som ein kan sjå jamvel i dag mellom gateseljarar og gjøglarar i byane om sommaren. Ein tur på Torgallmenningen eller langs Karl Johans gate ein sommardag, kan vere ei interessant oppleving, dersom ein bruker augo. Etter at norsk lov no tillèt tigging, pregar gateselgjarar og gjøglarar gatebiletet om sommaren. Den som tener mest, er den som får mest merksemd. Fargerike klede, smykke, sjarm, morosam åtferd og gjøgleri av ymse slag vert nytta. Her finn ein både nordmenn og utlendingar i ei herleg blanding. Felles for dei er at dei prøver å tena ein slant på å underhalda folk, kanskje selja noko, og ved å vekkja merksemd.

Eg har søkt å visa korleis folk kunne reisa omkring store delar av året utan fast buplass og leva av det dei handla og tagg i bygdene. Ein kan godt forstå at bygdefolk mange gonger opplevde det som ei bør når det kom heile familiar og trong mat og husrom. Men samstundes følgde det mykje liv og moro med dei reisande, og dei kunne skaffa folk handelsvarer dei trong og handverkshjelp som elles ikkje fanst. Samfunnet søkte gjennom lovverket å bremsa og hindra omstreifing og tigging, og mange gonger skjedde det grove overgrep mot dei reisande.

Sjølve taterlivet slik det arta seg i gamle dagar er vekke i dag. Samfunnet har endra seg. Taterane finst framleis, men har i stor grad busett seg, og gått opp i det norske folket. Barna får skulegang og folk har arbeid. Slik sett har storsamfunnet sitt mål om å "utrydda tatervesenet" blitt nådd.

Samstundes ser ein i dag at mange på sett og vis har tatt taterane sin plass. Taterane kom hit for fleire hundre år sidan som ei gruppe innvandrarar. Så lenge det er ufred i verda, og velstand og fattigdom fins om ein annan, vil flyktningar og fattige grupper søkja tryggleik og velstand med dei midla dei kan. Slik vil vi få nye grupper av innvandrarar. I dag søker samfunnet å styra dette ved kontrollert innvandring. Norge har i dag mange etniske grupper. I den offentlege debatten finn ein kravet om konformitet og integrering i storsamfunnet, men også røyster som talar om eit fargerikt fellesskap. Men dette er ei anna historie...

Splintane i Pøyla

Av Knut Røen

Då eg var liten, stod det eit hus nede ved Pøyla (nedanfor butikken som no er på Bjørkheim). Det var berre ei lita stove og ein trong, liten gang der det var ein stige opp til ein liten lem. I dette vesle huset budde det to gamle taterar eller splintar. Så vidt eg hugsar, heitte dei Edvard og Kristina, men me kalla dei Blekkjen og Blekkå. Namnet kom av at Blekkjen var så flink til å laga spann og stølabøtter av blekk, dvs. tunne jarnplater. Blekkå for rundt og selde dei sakene han laga, og ho hadde ymse anna å selja òg: trådsneller, nåler, knappar og andre småsaker. Eg kan elles hugsa at Blekkjen var rundt og skar vierteinar til korgar. Hos oss braut han opp ein liten potetåker ein gong. Åkeren heitte seinare Blekkmakaråkeren.

Blekkjen og Blekkå hadde flakka rundt på tatervis før dei slo seg ned i Pøyla. Han hadde visst vore vørd blant taterane. Eg hugsar at alle taterane som var innom huset i Pøyla, kalla han for ”bessfar”. Blekkå var eigentleg ikkje tater. Ho skulle vera frå Ytre-Arna, vart det sagt. Då dei busette seg i Samnanger, var dei ikkje gifte. Dette likte ikkje folk. Difor gjekk ”Gamleklokkaren”, Knut Tvedt, til Blekkjen og Blekkå og snakka med dei. ”Eg ser de har berre ei seng!” sa han då kom inn i stova. Etter klokkevitjinga reiste dei to gamle til Os og gifte seg.

Me ungane var aldri redde desse to i Pøyla. Eg gjekk forbi der når eg kom med trove og skulle på fiske ute i Klubben. Men somtid kom det taterfylgje og slo seg til der. Då var me ikkje alltid så trygge. Dei hadde drikkelag stundom, og då kunne me høyra skrålinga heilt heim. Me laut gå omvegar då, når me skulle til fiskeplassane våre.

Særleg gale var det ein gong: Det var ei taterkone dei ville ta livet av. Truleg var det sjalusi som var årsaka. Denne kona låg oppe på den vesle lemmen, men det var ein som ville verja henne og stod oppe på stige-enden med dregen kniv. Korleis det hadde seg, veit eg ikkje – kanskje var dei bodsende, men far og grannen vår, Hans Røen (Røss-Hans’n) reiste dit ned med kvar si børse og truga dei galne fantane til å fara derifrå. Eg var svært redd då medan far var vekke.

Eg hugsar kor vørdsamt splinten som ville verja kona, helsa på far.

Me møtte han nede i Hamnalia då me var på veg til bestemor og bestefar ein dag. Han var takksam for hjelpa.

Dei to gamle i Pøyla tok til seg taterborn og skulle fostra dei opp. Med eg var heilt liten, hadde dei ein som heitte Edvart. Gamle-Blekkjen heitte som sagt òg Edvart, så Blekkå kalla guten Lille-Edvart. Eg hugsar lite om han. Men seinare hadde dei ein gut som heitte Hans. "Hanse-mann," sa Blekkå. Han var litt yngre enn eg, men eg var ofte saman med han.

Hansemann hadde det ikkje alltid så godt heime. Blekkå skulle oppseda han så han skulle verta ein skikkeleg kar, meinte ho, men måtane ho brukte, var ikkje så bra. Hadde han vore ulydig, eller han hadde gjort noko ho tykte var gale, måtte ho straffa han. Den straffa ho helst brukte, var å hiva han ut om døra om kveldane etter at det hadde vorte mørkt. Kanskje hadde ho skremt han òg. Mang ein kveld høyrde eg han sitja på trappa og ropa "Mamma, mamma, slepp meg inn!" Og han gret så sårt.

Ein gong hadde han fått ein slik fin siglebåt som ein tater hadde laga til han. Eg hadde mange siglebåtar oppe i bekken vår, men ingen så fine som denne. Eg vart avundsjuk, og tinga med Hansemann om å få kjøpa båten. Eg hadde ein 50-øring, og det var styggmykje pengar, syntest eg. Hansemann gjekk med på å selja, og eg for beint til sigledammen med fin-båten. Men den hugnaden varde ikkje lenge. Blekkå kom med 50-øringen og kravde båten attende, og eg måtte gje båten frå meg. I grunnen var eg litt nøgd med det òg, for eg tykte nok at 50 øre var i minste laget for så stor og fin båt.

Då Hansemann var sju år og skulle ta til på skulen, tok barnevernet "affære". Dei slo fast at det ikkje var forsvarleg at guten skulle verta verande i splintehuset hos dei to gamle, og ein dag kom dei og henta han. Då var det Blekkå sin tur til å gråta. Å – som ho bar seg, ylte og anka seg! Eg syntest og det var leitt at leikekameraten min vart borte. Han vart vel innsett på ein barneheim, og eg har aldri høyrte gjete han meir.

Gamle-Blekkjen døydde 87 år gammal i 1927. Då var eg 13 år. Bror Hans var med og la han i kista. Blekkå vart buande i splintehuset ei tid, men så fekk ho flytta opp til Brot-Inga (den raude hytta ved gamlevegen bak Bjørkheim).

Så var det ein kveld (i 1933) eg skulle ut ein tur. Då eg kom ned mot storevegen (gamlevegen), høyrde eg nokon som anka seg, og i halv-mørkret kunne eg sjå nokon som låg nede ved Vågabekken. Det var Blekkå som låg der. Ho skulle nok henta vatn, og så hadde ho glide på isen ved bekken, dotte og brote foten. Eg fekk henta hjelp, og så bar me henne bort i Vågen. Der døydde ho ei veker tid seinare. Ho hadde nok frose og lide vondt med ho låg hjelpelaus nede ved bekken. Ho fekk lungebetennelse, og den greidde ho ikkje.

Blekkmakarhuset vart rive ei tid etter, og Tomas T. Røen (Smoga-Tomas'n) fekk det som var brukande av huset og nytta det til å byggja løe av. No er den løa nedriven og borte òg.

Tillegg skrive av Tor Wold:

Presten Eilerdt Sundt sine manntal over dei reisande på 1800-talet , og kyrkjebøkene inneheld mange fakta om dei reisande.

Med hjelp frå kyrkjeboka i Samnanger og Jonny Mydland, som har arbeidd mykje med dei gamle arkiva, kan vi slå fast at tateren i Pøylø var Edvard Gulbrandsen Roes, f.1-3-1840 i Drangedal, dpt.8-3-1840 s.s., konf.24-4-1864 i Bergen Tvangsarbeidshus, død 10-8-1927 i Samnanger. Han kalte seg skiftevis Edvard og Even. Kona, Akseliane Johannesdatter Østrem, døydde i Førdesfjorden 2-3-1903 og blei gravlagd i Avaldsnes. Etter dette reiste han med (gift med?) Sara Katrine Nilsdatter. Senere blei han gift med Kristine, som skulle vere enkja etter ein los i Bergen. Han var busatt på Reistad i Samnanger frå 1909. Han og reisekonene var inn og ut av tukthus i Bergen, Halsnøy og Stavanger.

Edvard hadde minst 8 born som ein kan finna i gamle arkiv frå Fante-fondet og i kyrkjebøkene. Han hadde såleis ei stor etterslekt med mange barnebarn. Svein Egil Kvale fortel at det stadig kom taterar på besøk som sa at Edvard Ross var bestefar deira.

Peder Aadland fortel

Intervjuar: Tor Wold

Peder Aadland er fødd og oppvaksen på Ådland i 1915, og har opplevd det meste av det førre hundreåret. Då han vaks opp, vart han godt kjend med ein taterfamilie som kom årvisst til Ådlandsgardane. Den gamle bonden og spelemannen fortel gjerne om dette og meire til¹. Eg har skrive det slik som Pederen har fortalt det:

Det er ein reisande familie som eg hugsar svært godt. Dei brukte å stoppa her og overnatta. Første gongen dei kom, var eg vel 12-13 år, eg trur det var i 1927. Dei kalla seg for Vilhelmsen. Faren heitte Vilhelm², han var breiaksla og tettvaksen. Kona hans heitte Mina. Dei hadde fire gutar og ei jente, det var Fredrik, Johan, Laurits og Ingvald, og til slutt var det Vetla-Mino. Same namnet som mora. Ho kunne vel vera om lag 17-18 år første gongen dei var her. Gutane var eigentleg vaksne alle i hop. Dei var flinke karar. Han Johan var kanskje ikkje like god oppe i hovudet som andre folk, men han var no såpass at han var med dei og reiste.

Første gongen dei kom, var dei borte i løa hos naboen, Johan Aadland, som var bonde og som også var postmann her. Dei trong ein plass å koka, så Johan tala med mor og ho sa at då får dei no koma bort i kjellaren til oss og koka då. For me hadde romsleg og stor kjellar, med ein vedomn og ei grue som dei kunne koka på. Så då laga dei maten sin der nede. Eg hugsar at når me let på døra, var det alltid så sterk kaffi-lukt.

Det er vel når ein er rundt 12 år at ein er på det mest forvitne, og me gutane var ofte nede og prata med dei. Dei hadde kvite koppar med litt store fat til, og så slo dei alltid kaffien ned på fatet. Det tykte vi var rart, for det gjorde ikkje far og mor. Og så hadde dei kaffi-sukker attåt. Eg spurde: "Har de ikkje mat, de då?" "Jau då", lo Vilhelmsen, og sa at dei hadde no mat. "Men me har no ete ein gong før i dag,

¹ Då eg skulle tala med Peder Ådland om taterar i vår, skjøna eg fort at han også visste mykje om spelemannstradisjonar i bygda. Derfor fekk me han til å halda foredrag og spela fele på Høy-sæter i sommar. Historielaget tok dette opp på video, som me sel. Nils Yndestad og Gunvald Kolle var også med og spela.

² Denne familien har me klart å identifisera med hjelp frå Jonny Mydland som har forska på taterslekter. Familien er beskrive på slutten av artikkelen.

me berre ha litt kaffi no". Me prata med dei, me gutane. Ja, Ja.

Då dei kom att neste året, ropa Johan over til far – han hadde så mykje material som han hadde fått inn på låa og så hadde han ikkje lyst til å hiva den ut, og så vart det til at dei låg hos oss. Eg trur dei kom her før jonsok, for det var før me begynte å slå. Og så vart det til at når dei kom seinare, så låg dei oppe på låven hos oss.

Dei var greie folk. Han Laurits vølte på klokke, så han hadde sagt til far at du har no vel ei klokke du og som eg kan vøla for deg? "Ja, stoveklokka står no", svara far. Dei to eldste brørne mine hadde hatt henne sund og skulle prøva å smørja henne, men når dei sette ho i hop att, så løyvde dei eit lite hjul. Då han høyrde dette, så sa han Laurits at far måtte berre koma med klokka. Han laga seg til, la papir på bordet og plukka henne sund. Så smurde han henne opp att og sette ho i hop. Ho heng oppå veggen her, og ho går enno.³ Men du må dra henne opp kvar dag, og så bankar ho litt sterkt, så ho står no mest i ro no.

Dei var flinke urmakarar, i alle fall to av dei. Han gubben sjølv - eg trur han helst laga vispar. Når dei var her i fleire dagar, så var no både gamle-Mina og vetle-Mina ute begge to, og før rundt i bygda og selde no ein og annan vispen.

Og så lodda dei no mjølkespann og alt folk trengde å få vølt. Dei hadde mykje å hjelpa seg med. Me høyrde aldri dei sa eit ilt ord verken om kvarandre eller om andre. Ikkje høyrde me at dei bante heller, ikkje ein einaste gong. Me fann ut at det var sikkert folk som hadde mykje pengar, for dei hadde mykje utstyr. Dei kom alltid hit langs vegen frå Trengereid og for vidare mot Tysse.

Når dei kom om våren, må dei ha kome over fjellet med toget. Det var eiga hestevogn på toget den gongen. Dei kunne ikkje ha kome hit over fjellet med hest og vogn så tidleg på året. Når dei for, så trur eg dei reiste eit stykke, så beita dei langsmed vegkantane og så fekk dei seg no ein høysekk her og der. Så for dei eit stykke, og så overnatta dei.

Eg veit ikkje sikkert kor Vilhelmsenfamilien heldt til om vinteren. Men eg har ei formeining om at dei var opp forbi Kongsvinger ein plass. Eg veit ikkje nett kva det heiter der borte. Eg trur den eldste sonen sa at dei hadde vore med og køyrt tømmer ein vinter. Dei køyrde mykje med hest i skogane då, veit du. Og dei hadde vore litt på

³ Klokka er nå på Fedje hos ei av døtrene til Peder Ådland.

tømmerhogst. Elles så veit eg ikkje, me fekk ikkje greie på kva dei gjorde om vinteren. Men dei var i ro då. Og når det vart sommar, då tok dei ut att.

Ein gong hadde dei ei merr med seg då dei kom. Eg trur det var om lag i 1933. Dei budde i løo vår igjen. Tidlegare hadde det vore skyssstasjon her på garden, så folk kvilde og skifta hest på vegen mellom Trengereid og Norheimsund. Far hadde ei hesteskysstvogn etter skyss-tida, og besten hadde ei. Det var slike vogner med to store hjul og eit breitt sete framme. Den eine stod på låven og den hi stod i skukken.

Så hadde dei vel sett dette her, og så hadde dei sagt til far at det stod to skyssvogner der oppe. Dei spurte om han ville selja den eine vogna. Han hadde no ikkje tenkt så mykje på det, men det vart no aldri skyssing meir her, hadde han sagt, so endskapen vart at han selde den eine vogna til dei. Dei pruta ikkje og han fekk det han bad om. Eg trur han snakka om 200 kroner. Det var ikkje så fæle prisar då, veit du.

Laurits og Ingvald og Johan før vekk ein dag, og då dei kom att om kvelden, så hadde dei vore på Osterøy. Laurits og Ingvald kom att med kvar sin unghest, eg trur det var to-åringar. Og når dei skulle reisa vidare, spent dei merra for vogna og så hadde dei lesst på med ein høysekk framme og to som hang bak. Dei kjøpte vel høyet hos naboen, Johan.

Dei lesste på det som gjekk på vogna, og så sat ho gamle-Mina oppi vogna. Og då for dei køyrande vegen mot Tysse. Han gamle-Vilhelmsen gjekk nett attmed merra. Og så kom desse to som hadde kjøpt hestar, dei leidde kvar sin av desse unghestane. Dei hadde sånne breie store ryggsekkar. Bak dei kom den eldste og den nesteldste, og alle hadde ryggsekkar eller nærmast skrepper. Og så vetle-Mina, ho gjekk og. Det var ei staseleg rekkje som for vidare mot Tysse.

Så dei handla hestar, og så hadde dei no alt det andre dei handla med; klokker og knivar og slikt. Flotte knivar som dei laga, med sølvhankar på.

Eg lærde å laga hesteselar av Vilhelmsenkarane. Ein gong heldt dei på med ein sele, dei bytte ei reim – eg var så interessert i dette – så då sa han at denne selen skulle eg få. Eg vart no så interessert i dette eg, og så fekk eg meg noko lær så eg laga fleire stykkje. Ja eg såg no litt på dei reisande korleis dei gjorde det. Litt lærte eg hjå skomakaren her



Taterfølgje ein stad i landet.

og. Eg laga nokre bakselar og litt forskjellig. Hesteselane har eg no vølt på fram gjennom tidene. Eg har vel fortsett ein av dei bakselane.

Eg hugsar ein annan reisande som også handla hestar. Han kalla seg for Palm. Kva han heitte til fornamn, veit eg ikkje, kanskje det var Elias. Eg trur ikkje han reiste åleine, denne Palm. Eg trur mest han hadde kone med seg. Dei budde borte på Haga i ein flør hos Haga-Andreas`n, der dottersonen, Harry Henriksen no bur. Der var dei ofte stasjonerte, fordi han hadde plass i floren.

Me køyrde mjølk til meieriet på omgang. Johan sine køyrde ei veke, og me ei veke og dei hos Olarane ei veke. Me hadde ei merr den gongen. Me hadde ho ikkje meir enn til ho var fire år gammal. På den tida hadde det begynt å verta ein del bilar, og ho var så redd for bilane. Me gutane ville prøva denne merra då me skulle køyra mjølk. Det kom ein bil, og eg og bror min heldt henne. Men då bilen kom mest borttil, heiv ho seg opp, så redd var ho. Ho kom seg opp og mjølkespanna før

trillande. Dette var i 1929, eg var ikkje konfirmert enno.

Far bytte då hest med Palm på Haga. Palm sa han skulle kunne selja merra ein plass der det ikkje var bilar. Han hadde ein blåsvart døla-hest, så då bytta dei hest. Dette var ein 3-åring, ein god hest, som var fæl til å springa. Den gongen trur eg det var far som gjorde den beste handelen. Eg trur no kanskje også det var denne Palm dei handla hos inne i Pøyno då dei kjøpte ein hest noko seinare. Så han Palm, han handla ein del med hestar.

Eg lærte tidleg å spela fele. Ein gong dei kom, det var vel i 1933 eller -34, hadde eg spelt i eit bryllaup borte på Rødne. Helga etterpå skulle eg spela på Steintveit. Og eg trur det var onsdagen etterpå at eg skulle spela igjen. Eg måtte no vera i form òg, så eg måtte ta meg ei økt for å øva. Det var vel i 5-6-tida. Eg spelte ein låt dei kalla for Fana-springaren. Det var to delar i han.

Då gjekk plutseleg døra opp, og då kom ho gamle-Mina inn. Og så seier ho: "Å, ein god gammal Dala-springar!" Og så begynte ho å syngja, og ho hadde ord til melodien. «Inn kom han Ola, drukkjen var han, bråka og slo i bordet, kjerringa sat ved rokkjen og spann og spurde kva galt han gjorde. Galen har eg vore, verre skal eg bli, høyr det du gode kjerringa mi. Trall-i du-di-di-du-di-du-di-a-di-dei...»

Ho song orda først og så tralla ho heile slåtten. Og ein av delane var litt annleis enn slik me spelte han. Eg syntes det var fint slik som ho sang det, så eg bad om at ho måtte ta det opp att ein gong til. Og ho tralla opp att. Etter dette gjekk eg over til å spela første delen slik som me hadde spelt han, og så tok eg til å spela andre delen slik som ho hadde sunge han.

Ein gong mykje seinare fekk eg ein kassett frå ein spelemann som heitte Skjervheim. Han ville eg skulle få høyra Storvei-guten, som han også vart kalla, med ein del som eg ikkje hadde høyrte før. Slik fekk eg med ein tredje variant av denne slåtten. Ein veldig triveleg slått å spela.

Eg var kanskje 13 år første gongen Vilhelmsenfamilien var her, det kan vel ha vore i 1928. Då var yngstedottera, Mina, 18 år eller der omkring. Så lenge eg følgde dei, fram til 1935-36, vart dei ikkje fleire, det var dei same som kom att kvart år.

Taterane hadde ord på seg for å vere uærlege og snyta folk. Men du

skjønar det, at når me snakkar om desse Vilhelmsane, så var det som om alle var nøgde med dei. Ja det var no so fela liv når dei kom. Og så trur eg denne familien greidde seg godt utan å blanda seg med andre som reiste. Du veit dei var ein stor familie, og desse reiste i lag. Alle stolte fullt og heilt på dei her på Ådland i alle fall. Det var aldri noko slag ekstra med dei. Dei var her nesten årvisst heilt til eg reiste ut, og det var alltid kjekt å ha dei her.

Jonny Mydland kan fortelja dette om familien Vilhelmsen:

Vilhelm Nikolaisen (Steitin), f. .3-2-1866 i Innvik i Nordfjord, gift borgarleg i Tingvoll (Nordmøre sorenskriveri) 16-7-1892 med **Vilhelmine Johannesdatter Palm** - «Mina», f. 19-10-1863 på Støleggen,.

I historia etter Peder Aadland finn vi ikkje nr 2 og nr 3, men i staden har han med ein Johan. (Peder Aadland er sikker på at Johan var den nest eldste av karane då han traff dei, men han veit ikkje sikkert at dei var i slekt alle.) Vilhelm skreiv seg nok Vilhelmsen, sjølv om foreldra var Jakob Nikolai Larsen Steitin f.1843 på Fredø, døypt i Molde, konfirmert i Vang i Valdres , gift med Johanne Pedersdatter, f.9-1-1837 i Loppa, konf. i Sør-Audnedal.

a) Fredrik Vilhelmsen, f. 27-12-1889 på Tønjum i Lærdal, døypt.4-2-1890 i Lærdal.


b) Karl Magnus Vilhelmsen, f. 17-8-1891, døypt 23-8-1891 i Kvernæs i ytre Nordmøre.

c) Vilhelm Martin Vilhelmsen, f. 21-1-1894, døypt 16-3-1894 i Gloppe, død 9-12-1952 i Molde.

d) Laurits Vilhelmsen, f. 3-3-1896 i Nordre Aurdal, døypt 19-4-1896 på Voss.

e) Aleksander Ludvig Vilhelmsen, f. 2-6-1902 i Ørskog, døypt 29-6-1902 i Hornindal(?).

f) Fredrikke Vilhelmine – ”Mina”, f. 18-2-1908 i Ørskog, døypt.26-2-1908 i Ørskog



Litt av Tyssefjæra som ho såg ut rundt 1900.

Nokre stubbar om dei reisande i Samnanger

Før 1910 brukte dei reisande å koma til Tysse med båt om sommaren. Opprinneleg var det ei lang fjære heilt frå elvaosen til Bakkafjæro. Det var mange naust langs fjæra, frå Bakkafjæro og til elvaosen.

Dei reisande budde i nausta når dei kom. Men fram mot 1910 vart meir og meir av fjæra fylt ut og i 1910 var anleggskaien på plass. Dermed hadde dei ingen plass å bu lenger viss dei kom med båt til Tysse. Bertha Hansen¹, som vaks opp på Tysse, har fortalt om korleis dei brukte å terga splintakonena som kokte i fjæra. Dei ropa splintepakk etter dei og fekk dei sinte. Så gjaldt det å berga seg opp på eit naustetak eller inn i eit smutt, for å koma seg unna. Ungane og karane var ho ikkje redd, men konene vart lett sinte.

Seinare veit vi at taterane brukte å koma med båt og liggja ved nausterekkja på Kleppe. Johannes Lid i Rolvsvåg er 84 år. Han vaks opp i Rolvsvåg og veit vel det meste av det som er verd å vita om denne delen av kommunen. Han hugser at taterane kom innover fjorden, men kan ikkje hugsa at dei slo seg til i Rolvsvågen. Dei hadde tilhald i nausterekkja på Kleppe og reiste ut i robåt derifrå for å selja varene sine og tigga. Han hugsar dei kom årvisst fram til krigen, etter det var det slutt.

¹ Berta Hansen vart fødd litla julafto 1900 og vaks opp på Tysse. Ho arbeidde seinare i butikken hos Kvale på Ådland, og Svein Egil Kvale hugsar godt at ho fortalte frå ho var barn.

Svein Egil Kvale fortel: *I Kleppsdalen, mellom Skarstø og Peraneset er det nokre gamle naust. Der fekk dei lov å bu, og der heldt dei til i mange år. Der gjekk det visst og ganske vilt for seg, så desse som skulle gå forbi der og hadde vegen sin forbi mot Kleppe, var ofte redde. Eg veit mor mi då ho var lita, var ofte redd då ho gjekk med mat til ei gammal dame som hadde det smått. Ho var ofte redd for å passera forbi splintane, så det var no tydeleg at dei hadde fått eit visst rykte på seg, sjølv om det ikkje alltid var berettiga. Der ute på Kleppe har dei og fortalt om ei gammal splinta-kjerring som ikkje ville vaska seg. Då tok dei andre splintane og skubba henne uti med klede og alt.*

Den tida kom dei i skøyter. Det var sjøvegen som var den vanlege måten å koma hertil i tidlegare tider før kommunikasjonane vart utbygde. Far min hadde ei historie her ute frå Ådland – på veg mot Søvika – om nokre splintar som hadde fått ein lekkasje på skøyta si. Dei hadde drege henne på land i ei vik for å tetta henne. Så hadde ei av splintakjerringane vore her inne på butikken til oldemor mi, Elisabeth Kvale. Ho dreiv butikk her fram til 1936. Dette var vel på 20-talet. Så hadde ho spurt denne splintakåno då kor det gjekk uti denne skøyta der. "Ja, hvordan går det uti skøyten?" spurde ho splintakåno. "Å, du mor, du vet det renner både ut og inn!" Ho sa at når det var fjære, så hadde dei det tørt, og når det var flo, så rann vatnet inn. Så det var ikkje berre-berre å vera der ute heller.



*Splinta-skøyte. Med slike båtar reiste dei langs Vestlandskysten. Slepebåten var nyttig når ein låg ein plass og skulle ut og selja.
Foto: Dannevig foto as.*

Også på Osterøy, på Florvåg på Askøy, på Rubbestadneset og i Hardanger veit vi at dei reisande var med båt om somrane. Så dei for nok langs heile vestlandskysten i tida fram til krigen, i alle fall opp til nord for Bergen. I Samnanger kan det verka som om dei slutta å koma sjøvegen ein gong mellom 1920-1930, og at det då i staden kom reisande langs landevegen. Truleg var nokre av desse frå austlandet, og reiste her om somrane. Bergensbanen og bilveg over fjellet til Austlandet kan ha endra reisemønsteret. Reisande med vinterkvarter austpå kunne plutselig reisa på Vestlandet, medan det tidlegare var "båtsplint" frå Sørlandet som før langs vestlandskysten om somrane.

I alle fall frå 1920-talet kom det reisande langs landevegen. Peder Ådland fortel i ein annan artikkel om familien Vilhelmsen som kom årvisst frå 1928 og til fram mot krigen. Siste gongen Vilhelmsen var på Ådland, var det ein av sønene med kona som kom på 50-talet. Samstundes med Vilhelmsen reiste Palm-følgjet i bygda. Helge Hisdal fortel:

Eg begynte på skule i 1954, då var eg 7 år gammal, så mykje av det eg hugsar er vel frå 54 og framover mot 60-talet; det var vel då det var mest interessant å følgja med i kva taterane dreiv med.

Palm-familien hadde eit overhovud som heitte Elias Palm og familien hans budde m.a. hos onkelen min, Ingvald Hisdal, som hadde løe på ein haug nord for vegen, midt i Hisdalen.

Dei budde også i telt i Rossebotn like nord for der vegen kjem ut av tunnelen i Hisdalen på veg ned mot Mastreskardsvingane. Det var gjengs oppfatning blant dei fleste at me skulle ikkje blanda oss for mykje med dei. Me kunne vera i nærleiken, men ikkje altfor nære. Me var gjerne borte på teltplassen og såg kva dei dreiv med og prata litt med dei og fekk høyra kva det gjekk ut på, men me skulle ikkje bli venner med dei. Eg såg korleis dei laga strengarbeid så som vispar, korleis dei lagde takrenner og korleis dei lodda.

Dei hadde ein plass på Tysse oppi gamlevegen. Det måtte vel vera der oppe kor garasjane står, for der var det vel ein flat plass mellom vegen og elva. Her hadde dei teltplass nokre gongar om sommaren.

På byrjinga av 50-talet, då dei begynte å køyra med bilar, var det rasjonering på bilar her i landet, og dermed var det ein del som såg moglegheit til å kjøpa brukt bil hos splintane og såleis omgå det

restriktive regelverket. Anders Hisdal var vel den første i Hisdalen som kjøpte bil hos ein splintafamilie. Eg trur det måtte vera i 1955, fordi han kasserte den bilen og kjøpte ein ny "Moskvitc" i 1957. Eg lurar på om det kunne vera ein gammal "Chevrolet" frå byrjinga av 30-talet; ein firkanta kasse. Den vart berre kalla for splintabilen.

Klokker hadde dei alltid til sals, gubbane, og kvinnfolka for rundt og skulle selja sjal, dukar og knappar og nåler. Alt kunne omsetjast i pengar. Men det var vel om lag som å reisa for eksempel til Tyrkia i dag. Det var alltid rom for pruting.


Vanlegvis når dei kom i bil så var det no i alle fall 3-4 bilar, slik at viss gamlefar og gamlemor hadde ein 8-10 ungar, så var gjerne nokon av ungane gifte igjen, og hadde sin familie med. Slik vart dei gjerne 2-3 generasjonar. Palmfamilien var ein stor familie.

Trygve Høysæter bur på Reistad. Han er fødd i 1923 og trefte taterane då han var gut på Høysæter. Dei handla klokke med far hans:

Me hadde ein gigg, ei tohjula kjerre som far min køyrde. Den sto nede i Børdalen i eit vognhus der, for me hadde ikkje veg heilt opp til Høysæter. Skyssvogn kalla dei det. Det var den me brukte om sommaren og når det var tåe. Det var sete framme med plass til to, og eitt kuska-sete bakpå. Ho var fin å køyra med når me var til Tysse for å handla. Det var fjører under, så ho fjøra litt. Ho var bygd av Nils Reistad, han som vart kalla Hjulmakaren.

Tidlegare hadde bestefar og far min brukt vogna til skyssing av turistar over Kvamskogen, men seinare bruka me ho sjølv. Ein sundag kom taterane opp til oss. Far min hadde sikkert snakka med dei før, for dei kom opp til Høysæter, og då skulle dei absolutt ha desse putene som låg i vogna. Dei måtte no vera nokså gamle desse putene. Eg trur dei var etter bestefar min. Det var sånne som var tilpassa til setene, både nedi og bak i ryggen.

Eg hugsar godt det at dei kom. Dei var så ivrige etter desse putene. Det var vel mor deira som ville ha dei. For dei hadde sånne vogner dei og. Og hestar til å køyre med. Dei akederte fælt, for dei var flinke handelsfolk desse der karane. Og så vart det til at dei skulle få putene. Far fekk ei klokke i byte. Det har vore ei god klokke, så eg trur han gjorde ein bra handel. Eg har klokka enno. Eg har reparert henne ein gong, og ho går like fint enno. Ho heng framme ved senga der eg ligg,



Trygve Høysæter med klokka far hans bytte til seg frå taterane.

og så dreg eg henne opp kvar kveld. Bandet følgde med. Du veit dei hadde vest før, og så gjekk bandet over slik.

Gottfred Haga er fødd 1934. Han vaks opp hos besteforeldra sine på bruksnummer 2 på Haga. Løa er vekke no, og etter krigen er det bygd mange hus på garden. Harry Henriksen, som er bror til Gottfred, bur i huset no, nedst i Hagabakkane. Gottfred fortel at på strekninga Haga/Aldalen var det tre gardar der dei tok imot taterar. Det var besteforeldra hans, Røaene, og hos Vika-Peren i vika vest for Neset på Gjerde. Gottfred fortel:

Det var ein reisande som me kalla for Oliver. Han kom med hest og kjerre, men følgjet gjekk til fots. Han og kona og ungane sat oppi kjerra. Han budde nede i Røa-løa, faktisk mest kvart år. Men nokre gongar var det og nokon som var oppe i løa vår. Det var ofte dei var mange, at det var fleire familiar.

Han Oliver – det var ein kar me var litt redde. Han hadde ikkje så godt rykte på seg. Dei hadde kniv, og det hende det vart splinta-slagsmål. Dei heldt innpå kniven og hadde nett tuppen som dei rispa med. Når Olieveren var nede ved Røa-løa, så var me ungane redde for han.

Han hadde ei slik lærreim som dei skjerpa barberknivar på i gamle dagar, og han hadde ein kniv som nesten såg ut som ein kastekniv. Den stod han og kvessa på til stadigheit. Han festa lærreima til kjerra, og der sto han og skjerpa kniven. Så me heldt ein viss avstand til han. Eg hadde inntrykk av at han var ein som dei andre hadde respekt for. Eg trur han var ein leiar; ein slags høvding.

Det budde nokon inne i Vika også, inne hos Vika-Peren. Den gongen var det nokre gamle hus og ei løe og eit svært morelltre i svingen når du går forbi Hans Gjerde, akkurat i botnen på vegen mellom Haukaneset og Gjerde. Denne plassen heiter Vika.

Me hadde to familiar som budde i fleire år oppe på lemmen i gamlehuset. Det var to lemmar der. På eine lemmen budde Karlsen og på hin lemmen budde Fredriksen. Karlsen dreiv som blikkenslagar og laga vispar, spann og liknande. Dei tok turar rundt om på gardane og gjekk frå dør til dør og selde desse produkta sine. Dei var veldig flinke handverkarar. Når dei laga desse vispane – det var heilt fantastisk å sjå på dei korleis dei behandla strengen og pussa den slik at den vart blank og fin. Så surra dei den nett som om det var gjort med maskin. Det var artig. Eg, som gutunge for no rundt dei.

Han Karlsen fekk ei lita jente. Ho heitte Marie, og døydde som lita av lungebetennelse. Ho vart gravlagt på kyrkjegarden her. Eg kan ikkje seia om dette var før eller etter krigen. Elisabeth Skar stelte grava i alle år så lenge ho levde, men no trur eg grava er vekke. Det var berre ein liten kross. Ho Elisabeth Skar, eg trur ikkje ho hadde noko spesielt forhold til dei, men ho var eit sånt snilt og godt menneske og ho syntes vel det var for gale. Det var no sånt som gjorde inntrykk på oss. Eg kan ikkje hugsa kor gammal jenta var då ho døydde, men ho var no yngre enn meg. Eg trur ikkje ho var meir enn 1 år.

Ho vart fødd her på Haga, for dei budde sikkert fast her i eit par år. Både Karlsen og Fredriksen. Karlsen utmerka seg for han var så fantastisk flink til å syngja og spela gitar. Han hadde laga stativ på gitaren, så han spela munnspelel samtidig som han spelte gitar, og song innimellom. Han var den første eg såg, som hadde munnspelelstativ på gitaren.

Men eg kan hugse at det vart litt ampert mellom Karlsen og Fredriksen. Eg veit ikkje kva som var årsaka, eigentleg, og det blir no berre

spekulasjonar, men eg trur det var noko med konene. Så det vart eit slags sjalusiforhold. Dei kringla og begynte å slåss. Det er no litt fælt å seia det, men eg redda no gjerne livet til den eine ein gong, for då kringla dei så kolossalt oppe på lemnen. Det var ein gang imellom lemmane, og eg kan hugsa at Fredriksen tok ein brødkniv og stakk ned i baklomma slik at bladet stod opp. Dei skulle ut og ”gjera opp”. Eg var snar, og drog kniven opp or lomma hans og gøymde han i steikeomnen inne på kjøkenet vårt. Men då fekk han juling hos Karlsen, som var mykje større og sterkare. Eg såg han tok etter kniven, men den fann han no ikkje. Han forstod vel ingen ting då, men den var det no eg som hadde snappa han ut or lomma hans.

Dei to familiane, Karlsen og Fredriksen, roa seg egentleg veldig her på Haga. Fredriksen hadde ikkje born. Dei for no først, men det hadde vel med den usemja som vart mellom dei to familiane å gjera. Karlsen vart no verande her. Det var etter problema med Fredriksen at Karlsen fekk denne vetle jenta, som dei mista så snart. Då dottera til Karlsen døydde, reiste dei også. Dei hadde sikkert vorte her om dei ikkje hadde mist henne.

Dei hine i Oliverfølgjet, kom årvisst tilbake. Han Oliver dreiv med klokkebyting og dei kom på besøk til oss. Det var fleire ungkarar her på Haga – dei hadde samlingsplass der oppe hos oss. Det var Paradis-gutane og Røa-gutane og Gitte-gutane, alle var der. Og av og til var der folk frå Tysse og. Då var han Oliver innom av og til, og då var det til å sjå på klokker, helst sånne lommeur då. Dei kjende på tyngda på dei. Eg veit ikkje akkurat kva kriteriar dei la til grunn – men det var veldig viktig å få byta, det var ikkje kjøp og sal, det gjekk berre på byting. Han Oliver var spesialist, han hadde nok ein business i det. Vanskeleg å seia kor gammal han var, men han var vel i 30-40-åra.

Oliver reiste med stort følge, med mange damer og mannfolk og born i ulike aldrar. Kor mange dei var totalt? Eg trur det var same følget som fordelte seg mellom Røa-løa og inne i Vika. Det verka som dei kom årvisst til ei viss tid. Eg kan ikkje hugsa fleire namn på taterane. Me fekk ikkje vita noko konkret om kor dei budde vinterstid, men me veit no at det budde veldig mange i Trandum-området ved Dahl. Dei hadde tydelegvis eit utgangspunkt der dei reiste tilbake, for her var dei berre om somrane.

Når dei kom, så var folk veldig skeptiske. Dei begynte no å passa litt ekstra på, så det ikkje forsvann ting, for dei hadde ikkje så godt ord på seg, dei reisande. Dei var kjende for å naska lite grann.

Besteforeldra mine hadde no eit rundt hjarte for desse folka. Me hadde ingen ting å utsetja på dei. Det var ikkje bråk imellom oss. Viss det var bråk, så var det innbyrdes. Eg kan aldri hugsa at det var slik at dei måtte henta lensmannen

Det var ikkje berre dei reisande som dreiv som blikkenslagarar. Ste-faren min var først blikkenslager i Bergen og jobba på Bergen Mekaniske verkstad. Rett etter krigen kom dei inn her, han og bror hans, som var ungkar. Han hadde verkstad nede på Røa-bryggja, i bua der, Storebua. Han la blant anna renner på alle arbeidarbologane på Tysse og laga beslag til kjøkkendiskar. Eg såg mykje på når han arbeidde og eg var med han ein del, så eg kjenner blikkenslagarfaget. Utstyret hans var stort og tungt samanlikna med dei reisande sitt utstyr. Han hadde eit stor maskin til å bøya blikkplater.

Dei reisande sitt utstyr var enkelt, så dei kunne få det med seg. Det var hammar og blikksaks det gjekk på for det meste. Og så hadde dei ein liten ambolt. Dei hadde ein spesiell måte som dei vrei blikket på, for å få stuprennene runde. Dei jobba blikket innpå eit røyr, og vrei det att og fram slik at dei forma rennene runde. Dei lodda dei ved hjelp av primus og ein loddebolt som dei vermde på primusen. Seinare hadde dei loddelampar som gjekk på bensin. Dei brukte saltsyre til å stryka på der dei skulle lodda. Dei blanda sjølv. Dei brukte rein saltsyre med sink oppi, så då vart det loddevatn. Dette kunne dei.


Gottfred er full av historiar, men vi gir oss for denne gongen. Eg veit at eg ikkje har nådd fram til alle som kunne fortelja om taterane. Men eg rekk ikkje å finna meir ut av dette denne gongen. Årboka må bli ferdig til jul... Eg er takksam dersom de som les dette, kjem til meg dersom de kan fortelja meir om taterane i Samnanger.

Eg vil slutta med historia om ein tater som budde fast på Tysse og arbeidde i Samnanger Ullvarefabrikk. Historia har vakse på seg, og det er i alle fall tre samningar som enno hugsar.

Først slepp eg til Peder Aldal, fødd 1922. Han vaks opp på Tysse og i dag bur han i ein av aldersboligane over K. Knutsen på Tysse. Han fortel:

Dei to gamle husa ovanfor meieriet på Tysse var begge bygd av morfaren min, Peder Haga. Det eine huset vart kalla Klippen (merka A på biletet under). I kjellaren på Klippen hadde bestefar skomakarverkstad. I etasjen over budde ein gammel mann, som var av reisande slekt. Han budde i lag med dottera si, Johanna, til han døydde, nesten 80 år gamal. Dottera var kjærreste med ein av Vikørengutane. Då faren døydde, reiste ho til familien sin på Austlandet. Ho var ei nær venninne av Solveig Nilsen som ho besøkte nokre gongar seinare.

Eg vaks opp i huset attmed Klippen (merka B på biletet).



Hermann Røsseland hugsar litt meir:

Han heitte Ludvig Andersen, og dottera som budde med han heitte Gunhild. Det var omstreifarmisjonen som eigde huset. Det vart seinare overteke av kommunen, som i 1949 selde det til Nils T. Høysæter.

Sverre Sjursen, som er fødd på Tysse i 1916, og hugsar endå meir:

Eg hugsar Ludvig Andersen som ein breid, kraftig kar med kvitt hår. Eg kan ikkje hugsa at han arbeidde i fabriken. Men dottera hans, Gunhild, må ha gått i fabriken. Ludvig for rundt i bygda på forskjellige plassar. Han var blikkenslagar, og alle kjente han. Alle kunne lodda eit hol i ein koparkjele. Men han fekk det tett utan å lodda. Han hadde koparnaglar, som han brukte til å klinka hola. Og han fekk det heilt tett. Ludvig Andersen sitt hus var lite, men kom det reisende, tok han i mot dei i kjellaren i huset.

Sverre Sjursen kan fortelja meir: *Jordmora, Anna Larsen Steinsland vaks opp på Steinsland. Eg trur ho var gift med ein frå Kvitingen. Dei budde i eit hus i Tyssebakken, det som me no kallar Klungsethuset. Ho var ein slags sjef i indremisjonen, og ho tok mot emissærar som kom til*

Tysse. Då dei reisande spurde henne om rom, tok ho imot dei også, dei meinte ho kunne ikkje gjera forskjell. Dei fekk bu i kjellaren der.

Til slutt slepp vi til presten Jonny Mydland, som driv barneheim i Kenya. Han har studert arkiva, og kan fortelja ei lang historie om tateren som budde på Tysse:

Ludvig Olai Andersen Palm, vart fødd 6-6-1858 i Grimstad, han vart konfirmert 1872 i Klepp, og døydd på Tysse i 1935. Faren var av ei stor taterslekt, Palmslekta, og mora var av Vardalsfølgjet. Eilert Sundt nemner han i 1865 i Klepp: «Ludvig Olai Andersen, Gunvor Isaksdatters Søn, som ere optagne af Fantestien og forsørges ved Hjælp af Fante-fondet».

Ludvig var gift to gonger, første gongen i 1887 i Klepp. Då gifte han seg med søskenbarnet Gunhild Marie Lovise Ludvigsen av Vardalsfølgjet. Ho døydd i 1895, berre 26 år gammal, og vart og gravlagt i Årstad. Dei hadde 4 born, 2 av dei døydd tidleg. Dottera, Josefine Ulrikke vart døypt i Årstad 1894. I dåpsprotokollen står Ludvig ført opp som blikkenslagar, og dei var busette i Kronviken. Året etter drukna sonen, Gunvald Johannes, berre 6 år gamal. Då Gunhild Marie vart graven i november 1895 budde dei i Solheim i Årstad. Ludvig er da kalt "Forsørger, Blikmager, Omstreifer".

Andre gongen blei Ludvig gift i 1897 i Årstad, med søskenbarnet Fredrikke Johansen Palm av Palmsfølgjet. Både Ludvig og Fredrikke var utmelde av stastskyrkja, og gifta seg difor borgarleg.

5 år seinare, i 1902, finn vi han att i Os, og i 1904 i Stavanger. Dei fekk fattighjelp fleire stader i landet, som Bergen, Årstad, Ålesund, Kristiansund og Voss. Reiseområdet deira var stort sett på Vestlandet.

Frå 1908 til 1909 var dei på Svanviken, ein arbeidskoloni som skulle få dei reisande til å bli bufaste. Deretter blei dei busette på Tysse. Den første tida arbeida Ludvig som blikkenslagar, men så fekk han arbeid ved Ullvarefabrikken. Han skal ha hatt godt ord på seg. Fredrikke forlot Ludvig i 1915 og reiste med ein søsterson, mens Ludvig framleis budde i ro på Tysse.

Ludvig hadde mange born:

a. Anders Emil Andersen, f 23-11-1889, døypt 27-11-1889 i Os.

b. Gunvald Johannes Andersen, f 1889 i Fjeldberg prestegjeld (truleg tvilling med Anders Emil), død 7-8-1895 – "Drukning. Fall utfor

Brygga". Gravlagt 12-8-1895 i Årstad.

c. Elisa Lovise Andersen, f 30-1-1892 i Haus, døypt 14-2-1892 i Haus, død 1918. Ho blei gift i Arendal med ein fastbuande, og etterlot seg 5 gutar.

d. Josefine Ulrikke Andersen, f 13-5-1894, døypt 26-8-1894 i Aarstad ved Bergen, konfirmert i Os 1909, død i Oslo 1915.

e. Gunhild Marie Lovise Andersen, f 28-2-1897, døypt 6-6-1897 i Aarstad, konfirmert i Samnanger. Tente i Bergen. Gift i Oslo 23-5-1923 med styrmann Simonsen. 3 born. Dei budde i Bogstadveien 21 i Oslo.

f. Johan Fredrik Andersen, f 15-10-1898 i Bergen, døypt 20-12-1898, død 30-12-1900 og gravlagt i Sandviken i Bergen.

g. Gunvor Olava Andersen, f 27-4-1900 i Bergen, døypt 26-12-1900 i Sandviken. Ho tente i ungdommen på Askøy.

h. Johanne Marie Andersen, f 22-5-1902, døypt 16-10-1902 i Aalesund.

i. Johan Fredrik Andersen, f 5-8-1904 i Bergen, døypt 7-8-1904 i Domkyrkja i Stavanger, drukna oktober 1921 ved Vaksdal.

j. Gunvald Johannes Andersen, f 18-4-1907 i Bergen, døypt 26-12-1907 i Sandviken. Han var evneveik, og budde på fru Hjorts pleiehjem (Emma Hjorth).

k. Vilhelmine Johanne Andersen, f 8-9-1909 på Svaneviken, døypt i Eide i Kvernes 24-10-1909. Ho budde hos faren til han døydde.

l. Anders Peter Andersen, f 22(23?)-1-1911, døypt i Samnanger. Han budde i 1935 i Molde.

m. Ludvig Andersen, død.

Vi ser at Ludvig Andersen hadde i alt 14 born, herav eit tvillingpar. Fleire døydde unge, 2 drukna. Han slo seg til ro her i bygda, og levde her frå han var 51 år til han var 77 år gammal. Han ser ut til å ha hatt hjelp i huset av 3 av døtrene sine etter at kona reiste frå han. Ho budde på Tysse berre 6 år. Då ho reiste vidare med søstersonen sin, veit vi ikkje om ungane var med eller om dei vart att. I 1915, då ho reiste vidare, hadde dei 6 barn under 15 år. Den yngste var berre 4 år. Gunhild var den eldste dottera som levde og kunne hjelpa far sin, så ho var truleg husmor for dei yngre barna. Johanne som også skal ha budd med far sin, var 13 og Vilhelmine som var med han til han døydde, var berre 6 år då mora før.

Svein Egil Kvale har ei historie etter bestemor si, Ingrid Ovidia Kvale: Ho jobba i Tysse-fabrikken på den tida. *Det var to personar, av dei reisande, som stod nede på Tysse-kaien. Dei var komne med båten. Dei sto og såg opp mot dette huset der oppe, som dei kalla for Klippen. Då sa dei: "Ja, han har vorte stor kar han Ludvig no. Han har fått seg sitt eige hus, også, han."*

Resten av historia kan me berre gjetta oss til. Vi kjenner ikkje til at nokon av etterkomarane til Ludvig Andersen bur på desse kantar no. Men frå 1909 og framover nokre år budde det ein stor og barnerik familie i det vesle huset Klippen på Tysse. I dag ser vi berre eit lite skur av eit hus, og korleis ein familie på minst 9 personar kan ha budd der, det er det vankseleg å forstå i dag.

Frå lagsblada

Ungdomslaga i Samnanger har i alle år hatt sine handskrivne lagsblad. Lagsblada var ein del av programmet på lagsmøte og festar, der artiklane i blada vart lesne opp. Oppgåva med å skriva i bøkene gjekk på omgang mellom medlemene. I lagsblada tok medlemene opp alle slags tema, frå kvardagslege hendingar til storpolitikk.

Me har tidlegare nytta stoff frå Samnanger ungdomslag, ungdomslaget som i si tid var på Tysse. Men også Tveit ungdomslag, Frøylandsdalen ungdomslag, Urd ungdomslag og Nordbygda ungdomslag har sine lagsblad.

I år har me henta litt stoff frå lagsblada til Nordbygda ungdomslag, Bondeguten, og Tveit ungdomslag, Ilagsmannen. Neste år håpar me å ha litt stoff frå Frøylandsdalen og Urd. Utvalet er ved Magda Haugen (Bondeguten) og Svein O. Aadland (Ilagsmannen).

Sportsnytt

Utdrag frå Bondeguten 17.02.35 – Bladstyrar Sesilie Røen

Sundag 10. februar vart det halde internasjonalt langrenn og gubbarenn i Samnanger skilag.

Til langrennet var det stor tilslutning. I alt var det 18 deltakarar som gjekk så sveitten rann.

Det var no for so vidt ei skam for Nordbygdens utmerkede skiløpere i kl. A at dei let utlendingane reisa med fyrstepremiane. Det må rettast på neste gong gutar!

Men i kl. B hadde våre gutter utmerkede prestasjoner og vann flott yver utlendingane.

At gubbarennet i Liabakken var imøtesett med stor interessa, det synte det store talet askodarar som var møtt fram. Og det skal vera sagt at gubbane gjorde ikkje skam på sin stand. Sjølv um ikkje føret var av det beste soleis. Det var motige karar som ikkje gav opp for første støyten. Men diverre også her tok utlendingane fyrste plassane.

Fyrste mann i gubbarennet var Edvard Kleppe med tvo stilige hopp som synte at ogso gamlegubbane kann ”skreia i lufti.”

Nr. 2 var Sverre Reistad som vistnok trudde det var langrenn han skulde delta i att, so han hadde nok både ski og smurning til det bruket. Difor tykte han nok at det bar gale i veg då han ikkje kjende snø under føtene meir. Han fann det nok difor rettast å stogga litt på farten då han kom nedatt, og gjorde ”helt um” snarast råd var.

Nr.3 var Tomas P. Nordbø. Han hadde nok smurt med sildalake, difor vart det altfor små hopp for ein ung og sprek gubbe.

Fjorde mann var Martin Haugen som hoppa høgt og breidt og tok gubbarundingen fullt ut i baa hopp.

Nr. 5 var P. Haukanes som denne gongen visstnok hadde rekna seg som den store favorit. Men det gjekk denne gongen som so ofte når ein vil for høgt. Ja han hoppa sjølv sagt opp som ein hjort men datt diverre ned att som ein lort i 6år hoppi (?), men gubbarundingen tok han no flott likevel.

6te mann var Tomas A. Nordbø som sikkert nok tok sikte på månen, difor bar det vel høgt, so han tolde det ikkje for magen. Og då han kom

nedatt vart det fall i yvergongen.

Nr. 7 Johs Nordbø som lenge har sakna gubbaklassen viste seg å ha for lite trening. Difor måtte han "bita i groren" i fyrste hoppet, men i det siste hadde han eit flott ståande hopp på 16 meter.

Nr. 8 i laget var Helge Reistad som hoppa stødt og stilfullt med eit lite fall som synte at han hadde rette gubbaslengen i seg.

Sidan på kvelden gjekk "det rundt" for både gubbar og andre til litt ut på natta.

Teatermelding

Utdrag frå Bondeguten – 03.03.35. Artikkelforfattar Knut Ådland

Laurdagskvelden 2. mars hadde Nordbygdi Teater premiere på spelstykket "Gifta meg – aldri" av forfattaren Skogheim. Spelstykket er ei komedie, og det fall i publikum sin smak etter stemninga å døma. Det vart framifrå spelt, og publikum vart rivne med frå fyrste til siste replikk.

Peder Ådland skildra framifrå ein staut unggut som ikkje vilde gifta seg korkje med venleik eller pengar. Det var den einaste store sanne kjærleiken han sette yver alt. Slutten vart at han fekk alt; både kjærleiken, venleiken og pengane. Amanda Nordbø skildra klårt og vakkert ei mor i sut for eit godt gifte for den einaste sonen sin. Anna A. og Anna H. Røen spelte framifrå som tvo gamle peparmøyer.

Tomas A. Nordbø synte seg atter som det store geni. Han tolka ein gamal og tunghøyrde peparsvein so levande og klårt at låtten vilde ingen ende taka når han kom med sine løglege replikkar og underlege faktar.

So var der ein strålende debut: Seselia Røen fekk si fyrste rolla som den unge vakre og ærlege kvinna, som kvar unggut ærleg må bøygja kne for. Og debuten synte klårt at Seselia Røen må knytast til Nordbygdi Teater for framtidi.

Framsyingi viste klårt at kvar av spelarane hadde fenge godt tak på kvar sine roller. Framkallingi og fagningi vilde ingen ende taka. Og stykket vil sikkert draga mange fulle hus frametter.

En almindelig feiltagelse

*Utdrag frå Bondeguten 31.03.35 - Bladstyrar Peder Aadland
(Dette er ein lånt historie)*

En ung gutt i en fabrikkby hadde fått sin første ansettelse og skrøt over alt det arbeide han utførte:

- Jeg står opp kl 6 om morgenen og får min frokost, sa han.
- Nogen anden så tidlig oppe? blev han spurt.
- Å ja, mor. Hun laver min frokost, og kl. 7 får min far sin frokost.
- Og din middagsmat?
- Å, min mor bringer mig den, og så bringer hun far hans middagsmat.
- Så er hun vel fri om eftermiddagen?
- Nei da gjør hun rent og vasker og ser efter børnene og laver kvelds-
mat til far og jeg kommer hjem. Og så tar vi oss en røk og går til sengs.
- Og din mor?
- Hun pleier sy en stund, når hun har vasket opp efter teen.
- Hvor meget tjener du?
- Jeg får 7 kr uken, og min far får 30 kr uken
- Og din mor?
- Mor!? Å, hun får ingen betaling. Hun arbeider ikke.

Ver varsam når du talar um andre

Utdrag frå Bondeguten – 05.11.39. Bladstyrar C. Røen.

Det er underleg kor lett det fell oss å tala um andre. Um deira feil og deira skavankar. Alltid har me tendens til å draga dei fram i lag og lyd. Det kan vera heilt uskuldig, sjølv sagt. Me meiner ikkje noko vondt med det. Men so gjeng gysja frå munn til munn og fjøri vert til høns, so fyrr me veit ordet av, so hev me kanskje vore med å øydelagt namn og æra til eit medmenneske.

Årsaki skal ikkje vera stor for at namnet vert skadd, når mange nok hev handsama namnet.

Det heiter seg at kvinna skal vera verst på dette feltet. Ikkje so at eg meiner det er noko skilnad på dei tvo kynni på dette umkvemet, men kvinna hev ord for å ha lettare for å slarva enn mannen. Det er slikt ein må koma burt frå. Det er så mange ting å dryfta både i lag og møte at ein skulde ikkje trengja um å hefta seg med det andre gjer. Lat kvar få leva sit liv i fred og ro. Mykje vilde vera vunne dersom me tok det til regel; aldri å segja eit vondt ord um grannen eller kjenningen.

Me vilde veksa sjølve på det ved å nytta tidi til meir kulturelle oppgåver. Det er so mange viktuge ting uppe i tidi som skulde fylla hugen.

Og me skal fylgja med alt, for å fylla plassen vår i tilværet.

Friing

Utdrag frå Bondeguten - 25.02.40. Bladstyrar Kristina Røen

Ola: "Eg trur nok at eg kjem til å gifta meg ein gong eg, Mattea."

Mattea: "Ja, eg trur og at eg kjem til å gifta meg ein gong."

Ola: "Nei, lell?"

Mattea: "Kanskje me to kunde verta gifte på same dagen, me – he-he-?"

Ola: "Men korleis kan du tenkja deg at det skulde høva til då he- he-?"

Mattea: "Jau, tenk om presten tok feil og vigde oss to saman i staden for to andre, - vilde ikkje det vera fælt leidd då?"

Ola: "Å – eg veit ikkje det eg Mattea – eg trur ikkje eg vilde ta meg så fælt nær av det – he-he-."

Mattea: "Skal me prøva å få narra presten til det, du Ola?"

Ola: "Kva til?"

Mattea: "Å få vigja deg og meg i staden for henne Mattea i Bakken som du liksom har fare å pusla litt med?"

Ola: "Korleis skulde det gå for seg?"

Mattea: "Eg kunde lura meg med deg inn for altaret i staden for ho Mattea i Bakken. Når so presten spør deg om du vil ha Mattea som hjå deg står – ja, so er det vel det same for deg, og so svarar du; Ja"

Ola: "Det er det same for meg."

Eit brudlaup i gamle dagar

Utdrag frå Bondeguten 21.03.42 - Bladstyrar Johannes Nordbø

Eg skal no prøva å fortelja litt um eit brudlaup som far min fortalde um i frå sine unge dagar. Han var endå spelemann i det brudlaupet. Han hadde vore i mange brudlaup, men dette var no det likaste han hadde vore i.

Eg kan ikkje hugsa alle ting so nøye av det han fortalde. So eg skal berre ta med det som eg med vissa hugsar igjen.

Brudlaupet stod på søre Trengreid. Men kven sitt brudlaup det var, skal eg lata vera å nemna.

Det var ein laurdag brudlaupet skulde stå. Mykje folk var bedne til brudlaups. Stovene på garden var både fjelga og pynta på beste måte.

No var brudlaupsfolki komne. Kjøgemeisteren hadde alt fått folki omkring bordi som var tilstelte som skikk og bruk var i brudlaup.

Brur og brudgom var komne på sin plass i høgsetet. Ved andre enden av bordet hadde ein bror til brudgomen fått sin plass. Han var nok ikkje fri for å ha smaka på ølet nett i tidlegaste laget, men det var ingen av gjestane som kunne seia at han var full.

Kjøgemeisteren skulde nett taka til med bordbøni, men då var det at galskapen tok til, og denne vara så lenge brudlaupet varde.

Det var han som sat med neste enden av bordet, han tok no til ords og sei: "Alles øyne vokte på kjøgemesteren. Alles øyne vokte på brud og brudgom. Alles øyne vokte på fisken." Dermed so tok han ein full neve med fisk av eit fiskefat og heiv det mot andre enden av bordet. Brur og brudgom får fisken rett i brystet og noko kom no på gjestane og.

Då var det ein av gjestane som reiste seg ved bordet og sei: "Eg har aldri sett so uvøre meneskje. Det er som han skulde vera uppalen i ein svinagare og ikkje i eit kristemanns hus." Andre ropte: "Hiv han ut!" So var det ein kar som skulde ta han då, og få han på dør.

I stova stod ein vanleg etasjeovn. Røyrene gjekk gjennom lemsgolv og ut i loddpipa uppe på lemnen. Når no denne karen skulde kastast på dør, tok han tak um omnen for å få seg frå dette. Fylgjene var at man-

nen ramla på golvet. Røyrene kom opp gjennom lemsgolvet so sotet lrauk yver heile stova.

Men det vart no til det at karen kom på dør, og so vilde han springa upp på lemen. Men då fekk karen som skulde ha han på dør, tak i han. Men då set han i å ropa: ”Å, mor, mor, Petringen slår mig – Petringen dreper mig!” Då mor høyrde det, sprang ho til og skulde hjelpa sonen. Då var dei to karane komne upp i troppi og Petringen heldt den andre att etter den eine foten og gamla rauk i foten på Petringen. Og der vart dei ståande å ropa: ”Slepp, slepp” av full hals. Men det vart no til det at dei alle måtte sleppa til slutt.

Det vart no til det at dei vart ferdige til å reisa til kyrkja. Men denne uromakaren vilde ingen ha med. Dei skulde ro til kyrkja. Ingen tenkte at dei skulde møte att denne uromakaren når dei kom til Ådland, men kven andre enn han stod på Ådlandsneset og tok i mot dei enn nettupp han. Men ingen tenkte at han no vilde taka til med galskap att.

Dei var komne i kyrkja og brur og brudgom stod for altaret. Då var det ein nede i kyrkja som set i: ”Ta Hansen i frå altaret, han vet ikkje vad han gjør.”

Det vart no til at presten vart ferdig med vigingi.

På den tid var det skikk at dei ofra til prest og klokkar når dei var ferdig med vigingi.

No oppdaga denne uromakaren at han hadde gløymt å ta med pengar. Men no såg han systeri på andra sida av kyrkja, og so set han i: ”Marta!, Vetla-Marta!, lån mig 20 øre til presten og 10 øre til klokka- ren. Nei, nei ikkje 20 øre til presten, men 10 øre til presten og 20 øre til klokka- ren. Dårlig pastor, dårlig pastor, ingen talegaver, ingen talegaver.”

Dei vart no ferdige i kyrkja utan at noko meir hende. Men då dei kom heimatt i brudlaupsgarden att, var alt lika gale.

Den historia i kyrkja vart no visst litt kostbar til slutt. Han måtte visst ut med litt meir enn 30 øre.

Fra Venezuela til England

Utdrag frå Bondeguten 24.02.46 - Bladstyrar Nils Aadland.

Det er desember måned 1940. Tankbåten ”Madrono” ligger for anker i Los Pedras i Venezuela. – Spenningen om bord er stor. Spørsmålet er om vi nu blir tatt ut av den fredelige farten på Syd-Atlanteren for å gå til England som på det nærmeste ble regnet for å være en dødsseilas. Ikke bare på grunn av ubåtfaren, men som Bergen, en av matrosene sa: - Får vi styggevær i Nord-Atlanteren med denne gamle råttne likkisten, kan vi liksågodt be fadervår med en gang. Det kunde nu være sant nok – båten var 26 år gammel – så den hadde for lengst trått sine barnesko.

Vaktene var satt og vi ventet nu bare på at skipperen skulde komme tilbake fra agentkontoret med seilingsordren. Da han endelig innfant sig, var det ikke vanskelig å se hvad slags ordre han hadde fått. Mannen såg ut som han gikk i sin egen begravelse. Så enhver kunde forstå at det blev Englandstur.

Riktignok – da rormannen etter avløsningen ved roret, en time etter avgangen, kom akterut, kunde han fortelle at vi var bound for Cardiff – via Bermuda.

Dagene som kom var preget av ett særdeles fortreffelig vær – som bare det kan være i tropene. Solen skinte fra en skyfri asurblå himmel, og havet var speilende blankt så langt øie kunde se. Det var ikke kose- lig å tenke på at vi skulde opp i kulden, og gud vet hva som kunde hende i Nord-Atlanteren, men vi blev da til slutt forsonet med det uunn- gåelige.

En vakker dag dukket Bermuda opp av horisonten. Den låg der som en oase i ørkenen – omringet av utallige korallrev som dannet en hvit krans rundt hele øyen – da sjøen brøt over dem. Da vi kom nærmere og kunde se de grønne palmene bak den hvite stranden med små bungalo- wer spredt omkring i en tilsynelatende eneste stor blomsterhave – dan- net det hele et panorama som er uforglemmelig. Jeg kan så godt forstå hvorfor de ferierende Amerikanere kaller øyen for Paradiset. Den bær- rer navnet med rette.

Vi hadde ikke før fått ankeret i bunnen, før det vrimlet med småbåter

langs siden. Noen kom for å selge souvenirs – andre av bare nysgjerrighet. (De lurte antagelig på åssen den gamle rustholken våres kunde holde sig flytende). ”Bombåtmennene” fallbød sine varer på ett språk som ikke var så lite i slekt med det engang så berømte ”Esperanto”- det var i alle fall en babelsk forvirring av ord – sånn som: ”Hei do norski shatrase – do like mykke billige souveirs.” (Billig sa de – men det var den rene svartebørspris.) Helst var det en blanding av Spansk og Engelsk de snakket med ett og annet Svensk og Norsk ord iblandt.

Oppholdet her blev av kort varighet, som vi nu også hadde ventet. Adam, var som bekjent, ikke lenge i paradiset.

Foruten oss var det fire andre båter der som også skulde til England. En Gresk, en belgisk og to Engelske- vi fem skulde da gå sammen nordover.

Det varte ikke mange dagene før vi merket at vi nærmet oss Nord-Atlanteren. Skuta begynte så smått å stampe i de lange atlanterhavsdønningene. Luften blev kaldere etter hvert, så da vi nærmet oss den kanadiske kysten, var det full vinter og allemann måtte dra på sig de ”bombesikre underklærne” – til og med da gikk vi og hutret å frøs.

Det var bestemt at vi ved New Foundlandsbankene skulle møte en stor konvoi på utgående fra Halifax, og skulle slutte oss til den. Da vi hadde nått den oppgitte posisjon, kunde vi ingen båter se, men det varte imidlertid ikke lenge før vi så noen små skydotter i horisonten som vi antok for å være skorsteinsrøk fra båtene i konvoien. Ganske riktig, en stund etter såg vi mastene og skorsteinene, og siden, etter som de kom nærmere, hele skrogene. De lignet noen grå spøkelser der de kom vuggende i grålysningen – den ene etter den andre. Det var 75 båter i alt – så med oss som kom fra Bermuda, blev det åtti. Vi blev av kommandøren beordret til vår plass i den sjette kolonnen. Konvoien var inndelt i ti kolonner – hver på åtte båter. Alle båter hadde sine nummererte plasser, og måtte til stadighet ha oppe sine signalflagg som viste båtens nummer. Eskorten våres bestod i et av Englands største slagskip ”Rodney” samt seks destroyere, og ikke å forglemme ”likbåten” – populært kalt så fordi den hadde i oppdrag å fiske folk opp fra sjøen etter torpederinger.

Grunnen til den forsåvidt store eskorte var at det tyske slagskipet ”Deutschland” på den tiden opererte i Nord-Atlanteren. Den hadde et par dager i forveien senket nesten en hel konvoi bestående av 36 båter

– så vi hadde gode utsikter til å få stifte nærmere bekjentskap med den berømte ”likbåten”. Men humøret var tross alt på ”topp stim”. Julen nærmet sig – og vi var så smått begynt å glede oss til juledrammen – men dessverre litt for tidlig. Dagen før lillejulaften fikk vi tåke så tykk som grøt. Vi kunde umulig se de andre båtene, men til gjengjeld kunde vi høre dem så meget bedre. Det blev en uling og en tuting uten like. Litt nervøse var vi fra før av, og det blev ikke bedre av den forferdelige ulingen. Hver gang en av de skarpe gjennomtrengende luftsirenene ulte tett ved oss, kvakk vi så vi hoppet flere fot fra dekket, men etter hvert så blev vi også vant til det.

Lillejulaften begynte det å lysne, og ut på ettermiddagen var tåken forsvunnet. Senere på kvelden begynte det å blåse, og da vi kom på vakt om kvelden var det sterk kuling. Skuta var allerede begynt å ”sette” med bauen, og tok rett som det var en sjøskvett over bakken. Vinden øket mer og mer, og da vakten var slutt kl. 12 blåste det full storm. Sjøene vasket alt i ett over forskipet – mørkt var det som i graven – det lyste bare opp av de hvite brottsjøene hver gang de blev knust mot dekket. Lugarene var forut, så det var nesten ugjørilig å gå forover stormbroen da fordekket til stadighet var overfylt med vann. Sjøvannet hadde frosset til is, og lå i tykke lag over alt så det var ufremkommelig. Da vi stod der og lurte bak hjørnet på midtskipet, hørte vi et skrik og i mørket skimtet vi så vidt en mann som kom seilende på ”akterenden” nedover stormbroen bannende på finsk og svensk. Det var den finske fyrbøteren som skulde på vakt og så hadde han falt på isen idet skuta tok en overhaling. Bergen kunde ikke la være å vri av seg en vittighet: ”Eg trodde du hadde vokset fra akesporten – Finland” sa han. ”Satana, du holla kjeft, jag inte aka inte” brølte han i det han forsvant agterover. Kort tid etterpå tok vi sjangsen og gikk forover, og klarte det uten noe nevneverdig aking.

Julaften om formiddagen blåste det adskillig kraftigere enn kvelden i forveien. Barometeret hadde falt ned på orkan i løpet av natten. Da jeg kom på dekk om morningen, bar skuta tydelige merker etter nattens strabaser. Ene livbåten var knust til pinneved og dekksp plankene var revet opp så de stod og sprikte rett ut i luften. Det var et under at den gamle vaskebalje holdt. Hun gav da også etter i sammenføyningene. Det knirket og knaket i hele skroget

hver gang hun gravte sig ned i sjøene. Hele båten formelig vred seg i tverrsjøene – agterenden til den ene siden, baugen til den andre. Vi trodde sikkert hele herligheten skulde gå nedenom og hem, men skuta viste sig å være sterkere enn noen av oss ante.

Båtene i konvoien var spredd utover – en her og en der. Det var ingen som våget å komme i nærheten av hverandre i fare for å bli knust. Dessuten trengte de svær plass til å ”mandurere” på.

Dette tegnet til å bli en nydelig julaften. Kokken hadde fått byssa halvfull av vann fra en bråttsjø så ilden var sloknet akkurat da han holdt på å koke på kalkunen og risengrynsgryten som vi skulle ha til kvelds. Han var ikke blid der han stod og holdt i kalkungryten. Bergen kunde ikke dy sig, han stakk hodet inn byssedøren og ropte. ”Ka e de farr – holder kalkunen på å fly i fra deg.” Kokken trev en neve med grøt i fullt sinne og slengte mitt i planeten på Bergen. Heldigvis tok han det med godt humør. Hvis han ikke det hadde gjort, hadde det ikke blitt noen julemat den kvelden. Da kokken endelig hadde fått kalkunen kokt og klar til serveringen, sa han: Dere behøver ikke å salte maten, det har ”Rasmus” sørget for. Det var ikke langt fra sannheten for det var nok kommet adskillig med sjøvann i gryten.

Om kvelden, i skumringen, da vi satt og spiste, eller rettere sagt da vi forsøkte å spise i slingringen, gikk det ubåtalarm. Ingen av oss hadde ofret ubåtene en tanke i det overhendinge været. Vi ante i hele tatt ikke at de kunde operere i sånt opprørt hav. Vi styrtet utpå dekket i det samme destroyerne slapp de første dypvannsbombene. Eksplosjonen sendte kaskader av vann opp i luften, og skuta ristet og skalv som et aspeløv av vanntrykket. Alle, så ventet vi på at en eller annen båt skulde fly i luften; men destroyerne klarte å avverge det første angrepet. Vi antok at ubåtene ikke våget sig altfor nær på grunn av de sterke eskorten. Den Greske og den Belgiske båten som kom i følge med oss fra Bermuda, klarte ikke å holde farten i De voldsomme sjøene, og måtte legge seg på været så nødig de enn vilde..

Vi gikk tilbake i messa og fortsatte med julemiddagen. Whiskyflaska var enda ikke kommet fra skipperen så vi begynte så smått å bli utålmodige av å vente. Alle var enig med at vi trengte en oppvikker for å få litt julestemning til tross for styggevær og ubåter. Plutselig blev døren revet opp og tredjestyrmann står i døren og sier: ”Det blir dessverre

ingen dram gutter, skipperen vil ikke ta ansvaret for eventuelle berusede folk – i tilfelle det blir å gå i livbåtene.” Det var unektelig en skuffelse, men vi måtte jo medgi at det var det fornuftigste. Tredjestyrmannen hadde ikke før lukket døren, før vi hørte et øredøvende brak. Vi styrtet igjen utpå dekket tidsnok til å se Grekeren forsvinne i bølgene langt agtenfor oss. ”Likbåten” ilte med en gang til unnsetning, det ble nok ”plent” å gjøre for han.

Et øieblikk etter dirret luften av en ny eksplosjon – det var Belgieren som møtte sin skjebne. For ett øieblikk kunde vi bare se en kullsvart røk – så blaffet den opp noen minutter i det bunkersoljen tok fyr og forsvant derpå i det opprørte havet. Vi stod og såg på hverandre – mon tro hvem som er nestemann? Var det spørsmålet på tungen til hver mann, men ingen untagen den ukuelige Bergen sa noe: ”Ja, nu er tyskerne begynt å dele ut julesigarene, farr.” Så galt det en var kunde vi ikke annet enn le.

Vi slapp heldigvis å smake de tyske ”sigarene” takket være dt stormfulle været. Det var nok for vanskelig for ubåtene å følge oss i den høie sjøen. Da vi noen dager senere nermet oss den engelske kysten, stillnet uværet av, og båtene kunde igjen samles i ordentlig rekkefølge. Det var mange forkomne skuter å se. Trelastskutene lignet en skog der de kom med plankene stikkene tilværs i alle mulige retninger. Noen hadde mistet mesteparten av dekkslasten, og kom sigende med en faretruende slagside. At de ikke tippet rundt er aldeles uforståelig.


Nyttårsaftenen om formiddagen, da vi hadde fått land i sikte, fikk telegrafisten S.O.S fra en konvoi som var gått ut to dager senere enn oss. Den var angrepet av ”Deutschland”, og hadde mistet en mengde båter. Da vi hørte det, kunde vi ikke annet en prise oss lykkelige for at turen var overstått. Den trygge gode landjorden var bare noen få kvartmil unda.

Skuta var virkelig ett sørgelig syn da vi ankret opp på Cardiff’s den samme kveld. Den lignet på den nermeste ”Den flyvende Hollender” – innslåtte rekker og knuste flåter – skutesiden hadde mistet en god del av naglene og oljen lekket ut og fløt omkring havnen. På toppen av alt var den nediset fra mastetoppen til kjølen.

Det hadde vært en anstrengende tur, men det var allerede glemt da alle mann i sin beste puss gikk i land til en velfortjent nyttårsfest.

Red mrk:

Slik skreiv altså Nils Aadland i 1946. Han var, som ein av få samningar, sjømann under heile 2. verdskrig og vel så det. Han reiste ut i 1939. og kom ikkje attende før hausten 1945. Då krigen kom og Tyskland okkuperte store deler av Europa, også innbefatta Noreg, var det uråd for sjøfolk å koma attende til heimlandet. Dei vart tvinga til å halda fram i tenesta til sjøs, og dei norske sjøfolka gjorde ein kjempeinnsats i den såkalla Nortrashipsflåte. Dei risikerte alle liv og helse i teneste for Nortraship. Denne turen som Nils Aadland fortel om her var nok ikkje av dei verste opplevingane han hadde. Etter det me kjenner til vart han to gongar utsett for torpederingar, dvs at den båten som han var om bord i vart angripen og dei som var om bord måtte gå i livbåtar. Det er vanskeleg for oss i dag å setja oss inn i kva for umenneskelege påkjenningar dei norske sjøfolka hadde, men med denne forteljinga ført i pennen av Nils Aadland kan me få eit lite innblikk i korleis livet måtte ha fortont seg.



*Ungdomsbilete av
Nils Aadland
(1922 - 1988)*

Slik er me

Utdrag frå Bondeguten – 03.04.47 – Bladstyrar Margit Nordvik

Det er sundagskveld, himmelen er klår og blå, og frosten lagar isroser på søla bortetter vegen. Nokre gjenter kjem skravlande nedetter Bygdavegen. Dei tek godt tak i armene på kvarandre for å halda kulden betre borte.

Det skulle vera ungdomslag i kveld kl. 9 står det på lappen. Kl. 9 ja, tru om det er nokon som møter opp då? Å, nei formannen vert vel for det meste åleine til klokka er både 10 og 11. Kanskje lenger og til dei siste kjem.

Dei ser på klokka, ho nerma seg 10 – og endog ser det både audt og daudt ut innom dei store vindaugo i ungdomshuset. Dei fekk gå eit stykke til og sjå om dei kanskje møtte Lauvskargjentene. Og rett nok, her kom dei om svingen alle 5 for full fres. Er dei endå ikkje byrja? Og me som har sete heima og vridd og vrede på oss og berre venta på at klokka skulle verta 10 så me kunne få gå direkte, å sleppa gå att og fram etter vegen å frysa. Men me får gå ein tur utover til Ådland då, og sjå kva me ser der. Nedom skulehuset står ein heil flokk gutar. ”Skal me ikkje på ungdomslag?” spør me. ”Å, jau når dei berre er god til å begynna så —” var svaret.

Men det var å vanskeleg for formannen å begynna. Ja, ja så fekk me gå bort å sjå då om det vart ei løysing på et. Ja, slik er me: Kan me venta det annleis når alle vil venta til folket er komen.

Ein liten skjemtestubb

Utdrag frå Bondeguten – 05.01.63. Bladstyrar Trygve Ådland

Ein mann dreiv stort med grisar og han var støtt og stadig i grisehuset, og lite heldt han kona med selskap. Dette lika ikkje kona.

Ein dag banka det på døra, kona kom ut og den framande spurde etter mannen hennar.

- Han, ja. Han er no i grisehuset han, svara ho.

- Du kan berre gå bort der, så kan du snakka med han der, Ja, det er han med huo på.

Ungdom

Utdrag frå Bondeguten 02.02.63

- Bladstyrarar Lilly Hesjedal, Oddny Reistad og Anlaug Røen

Ungdomstida er ei god tid. Men dei eldre vil så gjerne døma dei unge ut frå seg sjølve. Dei vil helst forma dei unge sitt liv etter det dei no tykkjer er rett åtferd av ungdomane. Det går ikkje godt. Ungdomane vil ha fridom til å falda seg ut etter sitt eige mønster. Dei eldre har så lett for å seia at den tida dei sjølve var så mykje likare enn tida no. ”I dei gode gamle dagane” seier dei gjerne. Men har det ikkje alltid vore slik? Dei same orda har ungdomane høyrte til alle tider. Dei eldre no fekk høyra det same av sine eldre.

No er det trass alt slik at tida går fram, — sannare og lysare vert det etter kvart, men om det vert betre, kan det vera ulike meiningar om. Framgang er det på så mange område, men mennesket er likevel alltid det same. Lystene og lengslene er dei same. Det er berre formene som skifter, og det er det dei eldre har så vondt for å skjønna. I alle fall er det visst at livet krev meir av dei unge no enn før. Det er så mangt me unge må ta stilling til, så mangt me møter både av godt og vondt. Det det gjeld om er, er at me kan tenkja sjølvstendig, så me ikkje let oss driva med straumen.

Ilagsmannen om Tveitagrenda, ungdomen og kraftutbyggingstida

Ved Svein O. Aadland

Frå om lag 1910 og i mange år frametter pågjekk den første kraftutbygginga i Samnanger. Utbygginga førte til store endringar her i bygda. Over alt vart det meir liv og røre. På Tysse kom det diger kai og store buer. På Totland vart det bygt luksus-villaer der dei flottaste ingeniørar flytta inn med hushjelp og det heile. Det vart til og med bygt tennisbane der. Samningane må ha rista hovuda av seg over at det vart bygt leikeplass til vaksne folk!

Eg har bladd i Ilagsmannen, lagsbladet til Tveit ungdomslag, og funne artiklar om korleis ungdomen der hadde det på denne tida. For det skjedde tydelegvis endringar desse åra, men det gjer det kanskje alle år til alle tider? Og i alle fall var ikkje anleggstida grunnen til *alle* endringar som skjedde då. Når Tveita-ungdomane for eksempel begynte å fara til Tysse om laurdagskveldane, hadde det sikkert ingen ting direkte med kraftutbygginga å gjera, hadde vel heller å gjera med at Tysse i åra etter at ullvarefabrikken kom, vaks seg til ein stor tettstad der mykje spennande skjedde.

Men uansett var det ikkje alle som likte denne ”Tysse-sykja”, som det går fram av brevet til Ilagsmannen under. Men først får me ei slags oppskrift på korgaleik eller korgafest, ein type festarrangement som var populære i ungdomslaga heilt fram til på 1970-talet. Korgene det er snakk om var det altså mat oppi, slik at kvar jente laga til festmat til seg sjølv og ein gut. Frå seinare korgafestar veit me at det var vanleg at fleire jenter/damer var i lag om ei korg, og at dei så fekk fleire karar med seg til bords.

Sundag 19. mai 1912

Brev til Ilagsmannen

Tusind takk for seinast du, og for alle dei hugnadstunderne som eg og du hev havt saman. Det er så fortryteleg fint ver i dag, du, at det er med yvervinning at eg sit meg til å skriva. Hadde det ikkje nett vore deg, så neiminsann um eg hadde gjort det heller, men du veit at ingen ting er

for godt for deg.

Eg lyt fortelja deg at me hev havt ein sovoren gild korgaleik her, ein laurdagskveld. Ja, du kan tru det var moro, du. Det var som det spratt og spritte i kvar einaste krok. Du veit at når kvar vil gjera sitt til at kan verta so hugnadsamt som råd er, vert det alltid tirveleg. Og soleis hev me det her uppe på Tveit.

No kan det henda at du ikkje veit kva ein korgaleik er for noka, du. Jau, det skal eg segja deg. Det er som ein slags "slavehandel". Vara som byst ut er korgar og gjentor. Ei gjenta og ei korg høyrer saman. Og so vel me ein som liksom skal vera slavingar – ja, som byr ut vara, men med den forskjel at ein ikkje får sjå si vara fyre etterpå. Og so kjøpe då gutarne korg, og gjentorne får ein tvo-tre krunor, det er noko dyrt for sovorne, men – Og når so det er ferdigt – hm – ja, då kan du tru det er spaning. Alle vil gjerne hava seg ein god "herre", og det hender ikkje sjeldan at ein vert unøgde. Men høgrøysta klage høyrer ein sjeldan. Alle vil gjerne sjå så fornøgde ut som mogeleg.

Ja, so hev du då fenge eit lite innblikk i kor ein korgaleik skal vera.

Men no vil eg spyrgja deg ein ting. Kor kan det hava seg at gutarne og gjentorne er so føle å stima ned til Tysse no um laurdagskveldane? Plent som det ikkje skulde vera godtnok her uppe. Du som fer no å raksa kring vegane allstødt skulde kunna vita kor det hadde seg. Eg tykkjer det reint for gale at ungdomen på Tveit skal somla seg soleis vekk.

Og skulle du so sant vita ei råd mot denne "Tysse-sykja", so fortel det endeleg med meg, du, so me isamen kanskje kunde hitta på ei råd.

Og so all denne trulovingi som no er igjære då! Det er ikkje meining i sovore, at grøne ungar skal fara og toska seg vekk på den måten. Du må endeleg sjå å gjera kva du kan for å skrema dei vekk ifrå slikt noko. Hadde det til dømes vore eg og du som hadde funne på sovore, so kunde det no endå ha vore. Me er no sopass burti åri komne, at me no etter kvart skulde tenkja på – ja, du forstår vel - ? Ja, eg hev ikkje tid å skriva meir, du!

Ei hjartevarm helsing frå din Nasevis

Dette var eit tema som vart teke opp i Ilagsmannen fleire gonger desse åra. To og eit halvt år etter at brevet frå Nasevis stod i Ilagsmannen, vart for eksempel følgjande lese opp på ein ungdomslagskveld på Tveit:

Ilagsmanden 25. oktober 1914

Til eftertanke!

At gå over bekken efter vand er et ord som nokså ofte anvedes i daglig tale. For øyeblikket tror jeg det kan anvendes på oss Tveita-gutter. Ja, ikke netop sådan bokstavelig, for vandbering er nu et arbeide vi sjelden befatter os noget med. (Det vil me tru, ja, det var nok helst kvinnfolk som stod for dette tunge arbeidet - også. Red.)

Jeg skal forsøke at forklare det lidt nærmere. I det siste er vi blit svært flittige at gå til Tysse, især om lørdagskveldene. Og hvad er det vi går efter? Tja, det kan vel ikke være så vanskelig at svare på, for det kan vel ikke bli noget andet enn jenterne. Men hvorfor gå til Tysse når her er i overflod av jenter heroppe, som er like gode og kanskje bedre. Er ikke det at gå over bekken ofter vand? Jo, absolut.

Men til en slig omvei gives det tilfeller hvor man mer eller mindre er nødsaget.

For eksempel en lørdagskveld, da er det svært sjelden at se en jente ude, og enda mindre at tenke på nogen moro av nogen art. Og om vi gutter da samler os i en flok og går efter veien en stund og kjefter (det ser ut som det står kjofter, så kanskje det er eit ord? red.) det vesle vi formår, så er det ingen moro i det alikevel, når ikke jenterne er med. Ja, for sligt er gode råd dyre.

Jeg vil foreslå at når ikke jenterne går ud, så får vi gå ind og op til dem, gå på sjau forstås. Men det har og sine vanskeligheder, for en kan da aldrig vide hvordan jenterne vil opfatte slige nattlige besøk. De kunde slå sig rent på vrangsiden, og slå alarm slig at kloden kunde komme ud av sin bane, og det vil en da helst undgå. Før man vet sikkert hvordan jenterne stiller sig til det her omskrevne bør man holde sig nøytral.

Det vilde derfor være bra om de vilde uttale sig lidt eller skrive derom i Ilagsmanden, så en kunde få vide kossen stemningen var. Hvis de da fordømmer sjauergangen, så kan vi gå hvor vi vil for det at vi har undskyldning godnok. Men så galt skulde en da nesten ikke tro. Jeg håber jenterne forstår sit eget beste og handler derefter.

Imødesende deres ærede svar!

Tegner med hilsen en av dem!

Men sjølv om det tydelegvis var flust med jenter på Tysse, var det visst ikkje så lett å finna seg kone der heller, skal ein tru han som skreiv 8. november 1914:

Gode Ilagsmann!

... So du veit er eg komen noko teårs no, og med alderdomen kjem desse fordømte giftartankarne, veit du.

Fyrst so var det no meiningi at eg vilde freista å tala eit lite alvorsord med ei av gjentorne heruppe. Men det viste eg å vera plent uråd på almindeleg måte. Vil du so mykje so prøva på å få ei gjenta "fyr deg sjølv" ei stund, so risikerar du å få eit slikt augnekast at ein kunde siga daud med det same. Og det veit du eg vilde no nødig. Livet er no det kjæraste ein har likevel, ja, eg for min del har det endå kjærare enn gjentorne.

Medan eg gjekk so og funderte på koss eg sku bæra meg åt, ja, eg var halveges bestemt på å rigga meg upp med stivetøy og greier, for eg skal segja deg eg er no gut som hev "adskilligt fint stivetøy". Snippen hev eg endå etter bestefar min, og den er av aller finaste sort. Og slipset er eit som far kaupte på ein auktion ein gong, men som han var so uheppen å missa fyrste gongen han gjekk med det, eg trur det var ein gong han køyrde ut møk. Og no i år, då eg køyrde ut møki, ja det var endå til sista lasset, hengde det seg fast på eine greipatinnen, forstår du. Nett lika fint, det var berre litt kuskitt på det, med det veit du gjer ingen ting. Slik uppstasa var eg tenkt te gå lika på huset til dei, midt på ljose dagen, og på den måten prøva friarlukka mi.

Då var det eg høyrde som ei ymt um at det sku vera so uvanleg lett å få "kjangs" på Tysse, og soleis bar det te at eg kom te å renna meg ned der ein laurdagskveld. Og der kan det vel henda ein kunde få snakka med gjentorne! Ja, eg er sikker på eg var forlova med mindst 10 gjentor då eg kom upigjen um sundagsmorgonen.

Men det gjekk med det som det hev gått med alt som eg hev havt fyre; når det ser ut for å gå som aller best, er det på det verste, for no skal du høyra:

Då eg ein 2 – 3 vikor etterpå tok te å orda frampå um giftarmål og brudlauf med den eine av deim, titulerte ho meg slik som eg aldri hev vorte titulert fyr. Alt det verste ho kunde hitta på kaldte ho meg, både

nevergårdspasient, toskahovud og slikt noko. Um eg verkeleg var so dum at eg trudde ho vilde ha ein slik tosk som eg var. Og so gjorde ho "helt om mars", og sidan hev eg ikkje set henne.

Då fyrst fekk eg eg augo upp fyr kvaslags folk kvinnefolki igrunnen er, hjartelause og umenneskelege. Tenkjer berre på seg sjølv og kor dei best kan moroa seg i eitt og alt, utan å bry seg um at dei har oss stakkars gutakrokarne som gjerne vil gifta oss te narr. Og det tenkte eg med meg der eg gjekk oppigjen um kvelden, at stod det til meg, so sku gjentorne få bida lenge fyr dei vart gifte, so kunde dei få kjenna kor godt det er.

Ja, no er eg vorten so hugsjuk av å riva uppatt desse gamle hjartesåri, so eg får visst slutta fyr denne gongen.

*Bestehelsing
ein som er mest bestemt på å verta peparsvein*

Jentene på Tveit hadde som ventande var eit litt anna syn på desse sakene. "Fire usynlege" underteikna dei seg med, dei som mellom anna skreiv følgjande:

*Til gutarne
Gutarne bed oss gjentorne oppføra oss soleis at dei slepp "gå forbi bekken etter vatn", eller rettare, forbi Tveitgjentorne til Tyssegjentorne. Men det greider me simpelthen ikkje. Me hev gjort kva me hev kunna for å stoppa dei, men dei går likevel for langt.*

Dei snakkar um at i plassen for å gå til Tysse um kveldane hev dei prøvt å gå etter vegane her, men "aldri ei gjenta å sjå", segjer dei, endå me går rett framfyr dei.

Den einaste rådi me hev høyrte skal hjelpa, er at skorne vert tekne ifrå dykk!

Medan ungdomane, og dei gifteklare elles, var opptekne av korleis og kvar ein skulle møte det motsette kjønn, var det andre, meir tilårskomnde, som observerte Tveita-ungdomen og rista på hovudet. Me gjer eit sprang fram til 6. april 1918:

... Når eg skal freista å samanlikna ungdomen og ungdomstidi før og no, so lyt eg diverre segja at eg finn der er stor skilnad, og skal eg ikkje lyga so lyt eg segja at eg tykkjer det hev gjenge attende med ungdomen.

...

Då eg var ung, då var det gildaste eg visste det å koma saman med jamaldringane mine til uskuldig leik. Og so mykje gildt som me kunde finna på då! Snart var det kråkevisa som skulde innøvast, snart leika me tri mann i vinden, so skulde me "bonsa" osb. ... Og kven av oss er det som ikkje minnest dei kvardagskveldane me låg og grov etter fisk i Tveitabekken – alt anna var gløymt – alle tankar og alle rørsler gjekk berre i ei leid: korleis me skulde lura den "sabbelurken" der. Og var det då ein som hadde fenge tak i ein fisk, ja, so vart det liv i leiren – plent som ein hadde vunne prinsessa og halve riket. Kunde vel henda at leiken ein og annan gongen vart avbroten av at gamlingarne stundom fann at graset hadde betre av å stå rett upp og ned enn å liggja flatt på marki. Men me tok det aldri so nøgje – ein halv time etter me hadde fengi ei skjennepreika gjekk det på same måten att, og nokor vond meining hadde me ikkje med det.

Men korleis er det med borni og ungdomen no? Eg tykkjer eg finn andre hugmål og andre interessor; uskuldig leik bryr dei som ikkje um meir. Gjævaste småguten er no den som kan gjera dei vaksne dei fleste fantestykki, og smågjentorne byrjar alti i 10 – 12 årsalderen å tenkja på at dei må klæ seg fint, so gutarne skal tykkja mun i dei.

Og ungdomen er det endå verre med. Gutarne hev berre tvo ting som stend deim i hovudet. Det eine er å kunna sputta brunt, "språka" litt svensk og verta halden for renhårig slusk. Det andre er å ha so mange kjærastar som råd er. Å koma saman til ei uskuldig leikarstemna er ingen ting meir. Nei, tvoeine gut og gjenta – med armarne um kvarandre – og so legg dei iver om ein kjærleik som dei igrunnen ikkje veit kva er for noko. Dette meiner dei er ungdomslivet – dette er den store ungdomsgleda.

Og gjentorne er ikkje betre dei heller. Dei hev og berre tvo ting dei tenkjer på. Det eine er å ta so mange "tilbedere" som råd er, og det andre er å verta godt gift, eller for mange kanskje berre det å **verta** gift. Med eitt ord: Dei øydelegg seg sjølv og drep sine beste kjenslor, og likevel hev dei ikkje livt noko verkeleg ungdomsliv eller kjennt nokor

verkeleg ungdomsgleda.

Kor mykje annorleis var det ikkje i mi ungdomstid. Då gjekk gut og gjenta saman som bror og syster, eller um tvo vart forelska i einannan so var det på ein ærleg måte – utan fusk – og då vart det sann gleda, når Amor til slutt la siste hand på verket, og den pakt som skulde vara livet ut, vart forseгла med ein ekte gamaldags kyss midt på munnen, i strid med alle dei kyssereglar som no er i bruk. Difor ungdom, tak dykk saman og freista nye uppatt noko av dette gamle og etter mi meining gode ungdomslivet. Hugs at eg som segjer det hev ungdomen bak meg og soleis kan tala av røynsla.”

I eit innlegg frå 21. mars 1920 kjem det elles fram at det ikkje berre var gutane som for til Tysse i amorøse ærend. Jentene var visst ikkje så veldig mykje betre, i alle fall ikkje når det var håp om å møte ein skikkeleg riddar, eller kanskje Riddaren med stor R, slik me kan lesa om i det følgjande. Her vert me også minna om at det var mange butikkar på Tysse før i tida.

Skoreima og såpehandel!

Ja, de e nåke nødvendige ting både skoreimane og såpo, da vart nok saknalæ om dei inkje var å få.

Adle so har vet og forstann i behald veit ka me brukar skoreimane til, og visst ingen har tenkt at desse små usjøldige tingestane kunde brukast i andra intresser, men no e da hendt, da og. Skoreimane og såpo er tekne i ”kurtisens tjeneste”. ”Kjærlæheita gjør opfindsom”, sei eit gammalt ord, og jamen e da eit sant ord, da e da.

Da va her ein kveld eg va te Tøsse, reimane mina var nåke trasiga, og so tenkte eg eg fekk kjøpa meg eit par nya.

”Fidn meg eit par goa reima”, sa eg til handelsmannen. ”

Nei, eg har ikkje”, sa han, ”eg e vel utseld”.

So gjekk eg idn på ein an ”reimabutikk”.

”Har de skkoreima”, spørde eg.

”Nei, me har inkje da. Kanskje me får ikveld me dampen”.

”Eg sku hatt eit såpestykkje og”, sa eg.

”Nei, da har me heller inkje”, svara dei.

Da va då som tusan og, tenkte eg, at da inkje sku vera rå få seg eit par

skoreimar på heila Tøsse.

So gjekk eg idn på dan tredje butikkjen.

"Å, fidn meg eit par reima", sa eg til frøkna.

"Skoreima? Nei, da har me ikkje. Du får snakka fint med Tveitagjentena, so kanskje du får deg eit par", svarte ho nokso spydigt.

Men då vart eg både idl og øvegåven.

"Ka slags tullsnakk e slekt", sa eg. "Tveitagjentena har vel ikkje meir skoreima enn di treng sjøl, da e eg sikker på, so du må inkje stå her og preika sjit før fatigfolk".

Då ho forsto at eg va vorten sint, sa ho, meir spaklæ:

"Eg ska fortelja deg korleis da har seg. So du kanskje veit e da dukka opp ein ny riddar her. Når han kjem inn på ein butikk, so kjem da strakst ein flokk Tveitagjente idn og, og ska sjå på an, beundra an, forgapa seg i an, og alt detta bortigjøno. Men for at da ikkje ska no sjå so direkte ut, so kjøpe dei ein liten ting, enten eit par reimar eller litt såpa. Slik går da ifrå dan eine butikkjen te hin. og då skjønna du me må verta utselde".

"Ja, honen sprette meg, no e da visst snart domedag", sa eg, "å da va visst da besta, so kanskje ein kom eit plass so dar va skoreima å få. Men sei meg, kaslags inntrykk får du tå Tveitajentena når di er idne og handla?"

"Å, da e so forsjelligt. Nåken tå di ser nokso smilande og sokkersøta ut, andre e meir sura og fortvilande. Men på dei adla kan ein omtrent lesa utompå; åh, va han min, åh, va han min, kor eg sku elska og forguda han!"

"Men Tøssejentena, sverma ikkje dei då?" fråga eg.

"Nei, inkje enno. Men bjønna me, so vert da no inkje på dan måten at me kjøpe adle dei skoreimar og adl dan såpa so finst på Tøsse!"

"Ja, du får ha takk for opplysningane", sa eg, "og so må du leggja tesies eit par reimar te meg te eg kjem neatijen.

Laurdagskvelden ette var eg te Tøsse igjen. Skoreimane fekk eg, men hellest so va dei utselde.

Med eg stod dar kom riddaren idn, og straks ette ein tottra Tveitajente. Eg gjekk bort i ei krå, bakom nåke klevare, so dei inkje såg meg. Dei gjekk litt nervøst bort te dissjen og spørde:

"Har de skoreima?"

*Nei, det hadde dei inkje.
"Ka? Har de inkje, å – ja, men – nei – du – ka, nei, no har eg gløymt...
Jau, såpa har de vel?"
Ja, so fekk dei no såpa. Og utijen va da med heila smørjo.
Sku du ha sett noke so grinaktig i dine levedagar, sa eg med meg sjølv,
og gjekk ut eg og.*

Tveitagut

Som nemnt var dette i kraftutbyggingstida i Samnanger, ei tid som sette merke på bygda. For eksempel førte det til at mange samningar gjekk over til å snakka svensk, noko han var inne på, han som i eit av breva ovanfor klaga seg over unggutane som berre var oppteken av jenter og å "språka svensk".

Svensk var noko som kom med anleggsarbeidarane. Dei var den tids oljearbeidarar gonger tusen. Dei var menn med pengar, sikkert ikkje mykje, men likevel, dei hadde kontante pengar mellom hendene av og til. I tillegg var det sjølv sagt eventyr-sus over dei, mange kom frå bygder langt borte og hadde sett og opplevt litt av kvart. Gutungane i Samnanger stod sikkert med open munn og beundra anleggs-sluskane når dei kom gåande etter vegen.

Ein av dei meir spesielle sidene med anleggsarbeidarane var det spesielle språket deira. Sluskane, eller busane, eller kva ein måtte kalla anleggsarbeidarane, snakka ein slags svensk. Slik var det visst over heile landet. Sjølv om det ikkje var ein einaste svenske i flokken, knota dei svensk. Også samningane som fekk seg arbeid på kraftanlegga gjekk over til svensk, i alle fall når dei var på arbeid. Men mange gjorde det sikkert elles også; det gav truleg status i kameratflokk.

For ein del år sidan kom ein gammal onkel til mor mi på besøk på garden på Ådland. Han tok meg med opp til låvebrua, for på eit skarv der lurte han på om det fanst eit merke etter barndomen hans tidleg på 1900-talet. Han leitte rett og slett etter ei lita grop i fjellet som han hadde bora som gutunge. Bakgrunnen var at ein eldre bror arbeidde som slusk på kraftutbygginga. Veslebroren var sjølv sagt grøn av mis-

unning. Så han sat oppå haugen med feisel og bor, og song ikkje heilt stovereine viser, på svensk, fortalde han. Det seier noko om kven som var den tids heltar.

At det gjekk på svensk, også hos samningane, viser historia om faren og sonen, begge samningar, som arbeidde på anlegget. Ein annan samning overhørte far og son då dei sat og åt ein dag:

- Det va jettegod soppa, det her, Ola, sa faren til sonen.

- Ja, mycket god soppa, Hans, svara sonen, som ikkje berre tiltalte faren på førenamn, noko som var utenkjeleg elles, men som i tillegg altså gjorde det på svensk. (Far og son er ikkje omtalte med rette førenamn).

Tveit og grendene vidare oppover hadde sjølvstekt tettare kontakt med utbygginga og anleggsarbeidarane enn dei fleste.

Om bestemor mi, Borghild Aadland, fødd Nytveit, vert det fortalt følgjande historie frå då ho budde heime på Nytveit som ung jente, det må ha vore i 1915-1916. Ein flokk busar, samningar alle saman, var på veg oppover på arbeid. Då dei kom til Nytveit fekk dei auga på Borghild oppi tunet.

- Hvem e den der flickan der då? spurde den eine.

- Vet ni inte det? Det e ju blomman i dalen, det, svara ein av dei andre.

Det var ein busane sjølv som fortalde historia mange år seinare.

Somme av ungdomane på Tveit arbeidde naturlegvis på anlegget. Våren 1920 skreiv ein av dei følgjande rapport frå Svartavatnet, som altså var tre vatn før utbygginga:

Søndag 25. april 1920

Brev fra Svartevand

Kanskje du Ilagsmann aldrig har vært til Svartevand? Du ville derfor kanskje like at få høre hvorledes her ser ud?

Svartevand er på en måte en liten verden for seg selv, langt inde i øde fjellvidden. Her er tre store fjeldvand, Svartevand først, så Holmevand og lenger inde Frostadvand. Der er ikke mer enn 4 a 5 meter i høyde-

forskjel mellom hvert vand. Der hvor elven rinder ut fra Svartevand danner der seg en dyp kløft med høye fjeldvegger på hver side, og her er det den store dam blir bygget, som nu har vært arbeidet på i over 3 år. Når den engang er ferdig vil den stenge for en stor innsjø.

De før så rolige og stille fjeldvand med sine prektige naturlige omgivelser blir forvandlet til et "dødehav". Snart er det fuldt og snart er det nedtappet til 26 a 27 meter under høyeste vandstand. Under Svartevand er der nemlig slått en tunnel hvor hele den veldige vandmasse kan tappes ut, og når alt er uttappet da er der kun noen små pøyser igjen av Svartevand og Holmevand. Kun Frostavand blir under en nedtapning uforandret, da der ikke er noen tunnel.

På vestsiden av Svartevand ligger fire store barakker, der er det de folk bor som kaldes slusk. Der hvor dammen bygges er der naturligvis mangt at se, allesalgs moderne maskiner er der tat i bruk forat få arbeidet så letvindt og fort utført som muligt.

Her er tre store stenkraner, to sementblanderier med høye tårn, taubanestation, luftkompressoranleg og forskjellig andet. Altsammen drives med elektrisk kraft fra en liden kraftstation indstøpt i fjeldet lidt nedenfor tunnelmundingen.

Om sommeren er her fint heroppe, når solen skinner og luften er ren og klar, men om vinteren er her sandelig surt, og vinter er det her endnu, ja enkelte dage nokså streng vinter. Sne er her en masse av endnu. Udenfor barakken hvor jeg bor ligger den 4 a 5 meter høy.

Ja, dette er nu noget jeg i farten har ravlet ned. Hvis du noen gang har bodd i en brakke, så vil du kanskje forstå hvorledes det er at skrive. Der er skravling og skråling og kortspeling så du kunde bli "idiot" av det. Ja, ja, du får leva då, gamle hannkatt!

Beste hilsen slusk

Om det er denne "slusken" som også skriv Ilagsmannen rett før jul same året, er litt uvisst. Skrifta er i alle fall lik. Og begge er flinke til å skriva, sjølv om det går på riksmål, med nokre befriande dialektord innimellom. Men her - til avslutning - er i alle fall ei skildring av turen oppover til fjells, ein førjuls vinterkveld. Det er verd å merka seg at dei brukte sykklar, sjølv på vintervegar.

Søndag 12te desember 1920

Når månen skinner

Det var en søndagskveld, jeg og en kamerat skulde oppover til fjelds igjen, hvor vi arbeidet.

En fin kveld var det. Himmelen var klar, månen skinte og stjernene tindret i tusintal. Tyst og stille var det. Naturen sov.

Ja, vi skulle altså oppover, men at gå den lange vei, og i det fine veiret, uten jenteselskap, det syntes vi var aldeles "tusen umauelø". Men så til all "ulokkes lokka" så råka vi på nogen av de ekte tveitajenter. Vi snakke med dem en stund om både løst og fast, helst om fast, og enden på det blev at to av dem lovte at følge, om det så var til verdens ende. Vi takked naturligvis og sa at vi skulde være fornøyet om det ikke var lenger enn ind til Kjørslehauen.

Ja, ja, så gikk vi da. Men at komme sig avgårde ubemerket med to kjekke jenter, det fikk vi erfare ikke var så liketil. Thi i farvandet befandt sig en hel flokk andre ungkarer, gamlere kanskje end vi, og dermed kanskje med fortrinsrett.

Endelig kom vi da avgårde hele flokken. Da vi kom inn til Raunelien, et av Norges mest storslagne veipartier, trafte vi en stabbesten med et par på. Her stod vi da en stund og betrakted omgivelsene. Dypt nede skummer elven avsted i fosser og stryk, og lenger oppe i fjeldet, på den anden side, titted frem et stort hull i fjeldet, et minde om den gangen Bergen kommune begynte i "tunellen", og ikke at flemme "kjelateppen" som lå og lyste i måneskinnet.

Så bar det avsted igjen. Men komne til Verkaleet blev det stans på nytt. Her hadde nemlig en sykkel kjørt utfor med en mand. Heldigvis stanste sykkelen i en store hatlebusk, og manden blev liggende i en avsats, lika god.

Så bar det ivei indover igjen. Og nå begynte en diskusjon om hvadslags uttryk man skulde bruke når hilste. Endel mente det måtte passe at si "farvel" når man kom ind i et hus og "goddag" når man gikk igjen, andre mente at "kjennast på deg" var et bra udtryk.

Så var vi da komne til "Kjørslehauen" og stanste opp der. Glansen i jenternes øyne strålte omkapp med månen, de havde nok lyst at følge oss lenger, men det var sent på kvelden og dagen derpå

*var arbeidsdag. Og så et godnatt og takk. Og vi svang oss på syk-
kelen og suste indover en frosen månebelyst vei.
En av dem*

Ei oppfordring

I denne utgåva av Samnanger historielag si årbok er det mykje spennande og interessant stoff som me gler oss over å kunna dela med alle lesarane våre. Me leitar stadig vekk fram stoff som er eigna for formidling i årboka vår.

Me vil likevel gjerne ha hjelp frå fleire av Dykk lesarar til dette formidlingsarbeidet. Dersom nokon har idear til, eller heilt konkret sit på stoff som kan vera med i årboka vår, tek me gjerne i mot dette. Dersom det er slik at det å formidla stoffet skriftleg er vanskeleg, stiller me meir enn gjerne opp for å intervjuar folk.

Det treng slett ikkje vera historie av store dimensjonar som skal formidlast, tvert om er det slik at dei små kvardagshistoriane ofte er like spanande og er vel så gjevande å lesa for mange.

Så oppfordringa er altså:

Hjelp oss å ta vare på lokalhistorien vår, smått eller stort, eldgamalt eller ”nyare gamalt” – alt er av interesse. Ta kontakt med ein av oss i redaksjonsnemda dersom du har nokre idear å dela med oss.

Magda Haugen
redaktør

Årsmelding for Samnanger historielag 2006

Styret

På årsmøtet 28. februar vart Ivar Bård Aadland vald til ny leiar etter Helge Hisdal som sa frå seg attval. Kirsten Dalane Kleivane vart attvald som styremedlem for 2 år, og Margunn Lønnebakken vart vald som ny styremedlem for 2 år. Varamedlemene Tor Wold og Karin Waage Knutsen vart attvalde for 1 år.

Styret var i 2006 samansett slik:

Ivar Bård Aadland, leiar
Helge Hisdal, nestleiar
Marita Haugen, kasserar
Kirsten Dalane Kleivane, skrivar
Margunn Lønnebakken

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 14 saker.

Medlemer og arbeidsgrupper

Talet på medlemer var 68. Arbeidsgruppene laget hadde i 2005, har halde fram også i 2006 (kontaktperson i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
Skulehistorie (Ada L. Haugen)
Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
Gamle fotografi (Tor Wold)
Årbok (redaksjonsnemnd: Magda Haugen, Svein O. Aadland, Nils Gåsda)

Aktivitetar

Opne møte/tilstellingar. 14. mai skipa historielaget til fottur langs Prestavegen til Hedlo, Skutevika, Munkahola og Øvre Kvernes. Ivar Bård Aadland fortalde historie om stader langs vegen, og det store følgjet rasta med nista si ved Kvernesvatnet. Ved Munkeholde fortalde Tor Wold om klebersteinsbrotet. Vel framme på Øvre Kvernes tok Gudbjørg og Jann Haugen mot oss i det restaurerte gamlehuset og baud på kaffi, saft og kaker.

Den 9. juni var det folkemusikk-kveld i det tidlegare skulehuset på Høyseter. 90-årige Peder Aadland fortalde levande om felemakarar, spelemenn og felemusikk i Samnanger, og han spela slåttar både frå Samnanger og andre bygder. Etter ein pause med kaffi og kringle var også Nils Yndestad frampå med ein slått, og på oppmoding vart Gunnvald Kolle henta fram frå publikum og gav oss eit par døme frå den rike Sævlatradisjonen i slåttemusikken. Det var også ei lita utstilling av feler laga av felemakarar i Samnanger. Skulestova var stufull, og ein del av dei om lag seksti frammøtte måtte ta til takke med ståplass i gangen.


Fellesmøte og anna

Den 19. oktober hadde styret fellesmøte med arbeidsgruppene der alle medlemene i gruppene var innbedne. Fleire grupper har fått gjort mykje – særleg fotogruppa som no har om lag 1000 bilete i databasen sin, kraftutbyggingsgruppa og gruppa for Tysse i gamle dagar - medan andre slit med å halda aktiviteten oppe. Historielaget har kjøpt inn diktafon og leigd skrivehjelp for å letta gruppene i arbeidet. Leigd og betalt hjelp i lovlege former har ført til at historielaget har registrert seg i Einingsregisteret i Brønnøysundregistra.

Årboka 2006. Årboka vart ferdig i november. I år er sidetalet utvida for å gje plass til ein større artikkel om taterane/"dei reisande" sine opphaldsstader og møte med bygdefolket i Samnanger.

Samarbeid med andre. Fotogruppa v/Anna Holmefjord deltok med utstilling på "Finn fram-dagen" som o-gruppa i Samnanger idrettslag skipa til ved skytebanen i Gaupholmsmarka i vår. Anna Holmefjord har også vore på ungdomsskulen og fortalt om Tysse i gamle dagar.

Historielaget har teke kontakt med kulturkontoret og samarbeider no om å få skriva ut lydbandopptak med livsløpshistoriar som bygdeboknemnda fekk gjort tidleg i 1980-åra. Ivar Bård Aadland representerer historielaget i den kommunale nemnda som førebur markering av 100-årsjubileet for Samnanger som eigen kommune i 2007.



Samnanger historielag